

Arkeologiske undersøkingar på Jensajordet 2008
Skåla gbnr. 82/5, 183, 202, Kvinnherad k., Hordaland.
B16510-16513, B16556



Utgravingsrapport 2011
Universitetet i Bergen
Bergen Museum
Seksjon for ytre kulturminnevern
Heidi Handeland og Søren Diinhoff

Paleobotanisk rapport fra Bergen Museum nr. 6 - 2009
De naturhistoriske samlinger, Universitetet i Bergen.
Vegetasjonshistorien på Jensajordet
Skåla gnr. 82 bnr. 5, 183 og 202, Rosendal, Kvinnherad, Hordaland
Lene S. Halvorsen

Innhald	side
1. Samandrag	s. 1
2. Bakgrunn	s. 11
3. Introduksjon	s. 12
4. Topografi	s. 13
5. Tidlegare funn i området	s. 13
6. Målsetting	s. 15
7. Metode og forløp	s. 15
8. Resultat felt 1	s. 16
<i>Bygningar frå seinneolittikum og eldre bronsealder</i>	s. 19
Hus T	s. 20
Hus F	s. 23
Hus A	s. 26
Hus S	s. 29
Hus X	s. 32
Hus U	s. 35
<i>Bygningar frå yngre bronsealder</i>	s. 38
Hus J	s. 39
Hus K	s. 42
Hus I	s. 46
Hus W	s. 49
<i>Bygningar frå førromersk jernalder</i>	s. 51
Hus D	s. 52
Hus G	s. 55
Hus R	s. 58
<i>Bygningar frå romertid</i>	s. 60
Hus H	s. 61
Hus E	s. 66
Hus B	s. 77
Hus C	s. 80
<i>Øvrige strukturar</i>	s. 83
A289 grophus	s. 84
A69 grav/grop	s. 85
A385 røysrest	s. 86
Kokegroper og eldstader	s. 87
Stolpehol, groper og fyllskifte med ukjent funksjon	s. 87
<i>Dyrkingsprofil</i>	s. 88
<i>Funn B16513</i>	s. 89
9. Resultat felt 2	s. 90
<i>Bygningar frå yngre jernalder og mellomalder</i>	s. 92
Hus P	s. 93
Hus Q	s. 96
Hus V	s. 99
<i>Øvrige strukturar</i>	s. 102
Produksjonsanlegg	s. 102
Kokegroper	s. 103
Stolpehol, groper og fyllskifte med ukjent funksjon	s. 103
<i>Dyrkingsprofil A713</i>	s. 104
<i>Funn B16510</i>	s. 105
10. Resultat felt 3	s. 106
<i>Gardsanlegg frå yngre bronsealder/eldre jernalder</i>	s. 108
Hus L	s. 109
Hus M	s. 113
Innhegning O	s. 116
Hus Y	s. 119
<i>Hus frå folkevandringstid</i>	s. 120

Hus N	s. 120
<i>Gravrøys frå eldre jernalder</i>	s. 124
<i>Røys A581</i>	s. 124
Funn B16512	s. 126
<i>Stolpehol, groper og fyllskifte med ukjent funksjon</i>	s. 147
<i>Profilar</i>	s. 147
Profil A501 Dyrkingslag/muleg struktur	s. 147
Profil A714 Dyrkingslag	s. 152
<i>Funn B16511</i>	s. 153

11. Paleobotanisk rapport v/Lene S. Halvorsen

Vedlegg

1. Kart frå kulturminnedatabasen Askeladden (www.asketadden.ra.no)
2. Strukturliste, sortert etter strukturnummer
3. Fotoliste
4. Funnliste, sortert etter funn-nr
5. Vitskaplege prøvar
6. Dateringar, tabell
7. Fosfatanalyse

Figurar

1. Samandrag

Fig. 1 Flyfoto av Jensajordet	s. 1
Fig. 2 Oversiktskart, Kvinnherad	s. 2
Fig. 3 Oversikt over utgravingsfelt på Jensajordet	s. 3
Fig. 4 Bygningar frå seinneolittikum, eldre og yngre bronsealder	s. 4
Fig. 5 Bygningar frå yngre bronsealder/førromersk jernalder	s. 6
Fig. 6 Bygningar frå romertid	s. 7
Fig. 7 Folkevandringstid og merovingertid	s. 9
Fig. 8 Vikingtid og mellomalder	s. 10

2. Bakgrunn

Fig. 9 Oversiktskart Rosendal. Norge Digitalt	s. 12
---	-------

8. Resultat felt 1

Fig. 10 Oversikt strukturar, felt 1	s. 16
Fig. 11 Oversikt strukturar med strukturnr., felt 1 vestlege del	s. 17
Fig. 12 Oversikt strukturar med strukturnr., felt 1 østlege del	s. 18

Bygningar frå seinneolittikum og eldre bronsealder

Fig. 13 Toskipa hus	s. 19
Fig. 14 Hus T plan.	s. 20
Fig. 15 Strukturar i hus T, tabell.	s. 21
Fig. 16 Utvalde strukturar i hus T, foto.	s. 22
Fig. 17 Hus F plan.	s. 23
Fig. 18 Strukturar i hus F, tabell.	s. 24
Fig. 19 Utvalde strukturar i hus F, foto.	s. 25
Fig. 20 Hus A plan.	s. 26
Fig. 21 Strukturar i hus A, tabell.	s. 27
Fig. 22 Utvalde strukturar i hus A, foto.	s. 28
Fig. 23 Hus S plan.	s. 29
Fig. 24 Strukturar i hus S, tabell.	s. 30
Fig. 25 Utvalde strukturar i hus S, foto.	s. 31
Fig. 26 Hus X plan.	s. 32
Fig. 27 Strukturar i hus X, tabell.	s. 33
Fig. 28 Utvalde strukturar i hus X, foto.	s. 34
Fig. 29 Hus U plan.	s. 35

Fig. 30 Strukturar i hus U, tabell.	s. 36
Fig. 31 Utvalde strukturar i hus U, foto.	s. 37

Bygningar frå yngre bronsealder

Fig. 32 Bygningar frå yngre bronsealder, felt 1	s. 38
Fig. 33 Hus J plan.	s. 39
Fig. 34 Strukturar i hus J, tabell.	s. 40
Fig. 35 Utvalde strukturar i hus J, foto.	s. 41
Fig. 36 Hus K plan.	s. 42
Fig. 37 Strukturar i hus K, tabell.	s. 43
Fig. 38 Utvalde strukturar i hus K, foto.	s. 45
Fig. 39 Hus I plan.	s. 46
Fig. 40 Strukturar i hus I, tabell.	s. 47
Fig. 41 Utvalde strukturar i hus I, foto.	s. 48
Fig. 42 Hus W plan	s. 49
Fig. 43 Strukturar i hus W, tabell.	s. 50

Bygningar frå førromersk jernalder

Fig. 44 Bygningar frå førromersk jernalder, felt 1.	s. 51
Fig. 45 Hus D plan.	s. 52
Fig. 46 Strukturar i hus D, tabell.	s. 53
Fig. 47 Utvalde strukturar i hus D, foto.	s. 54
Fig. 48 Hus G plan.	s. 55
Fig. 49 Strukturar i hus G, tabell.	s. 56
Fig. 50 Utvalde strukturar i hus G, foto.	s. 57
Fig. 51 Hus R plan.	s. 58
Fig. 52 Strukturar i hus R, tabell.	s. 59

Bygningar frå romertid

Fig. 53 Bygningar frå romertid	s. 60
Fig. 54 Hus H plan.	s. 61
Fig. 55 Strukturar i hus H, tabell.	s. 62
Fig. 56 Utvalde strukturar i hus H, foto.	s. 65
Fig. 57 Hus E plan.	s. 66
Fig. 58 Strukturar i hus E fase 1, tabell.	s. 67
Fig. 59 Utvalde strukturar i hus E fase 1, foto.	s. 68
Fig. 60 Strukturar i hus E fase 2, tabell.	s. 71
Fig. 61 Utvalde strukturar i hus E fase 2, foto.	s. 76
Fig. 62 Hus B plan.	s. 77
Fig. 63 Strukturar i hus B, tabell.	s. 78
Fig. 64 Utvalde strukturar i hus B, foto.	s. 79
Fig. 65 Hus C plan.	s. 80
Fig. 66 Strukturar i hus C, tabell.	s. 81
Fig. 67 Utvalde strukturar i hus C, foto.	s. 82

Øvrige strukturar

Fig. 68 Oversikt graver, grophus, kokegroper og eldstader.	s. 83
Fig. 69 Grophus A 289 sett mot Ø. Foto MØ	s. 84
Fig. 70 A69 i plan, sett mot Ø. Foto AH.	s. 85
Fig. 71-72 Trekollinse under A69 og profil sett mot S. Foto AH.	s. 85
Fig. 73 A385 røysrest på gbnr. 82/5 og gravhaug på gbnr. 82/19.	s. 86
Fig. 74 Eldstader, kokegroper og kolflekke, tabell.	s. 87
Fig. 75 A46 i nordlege profilvegg, felt 1. Sett mot NNV. Foto AH.	s. 88

Funn B16513

Fig. 76 B16513 funn felt 1, tabell.	s. 89
-------------------------------------	-------

9. Resultat felt 2

Fig. 77 Bygningar, produksjonsanlegg og kokegroper i felt 2.	s. 90
Fig. 78 Strukturar i felt 2.	s. 91

Bygningar frå yngre jernalder og mellomalder

Fig. 79 Felt 2, oversikt over bygningar og produksjonsanlegg etter snitting av strukturar. Sett mot N.	s. 92
Fig. 80 Hus P plan.	s. 93
Fig. 81 Strukturar i hus P, tabell.	s. 94
Fig. 82 Utvalde strukturar i hus P, foto.	s. 95
Fig. 83 Hus Q plan.	s. 96
Fig. 84 Strukturar i hus Q, tabell.	s. 97
Fig. 85 Utvalde strukturar i hus Q, foto.	s. 98
Fig. 86 Hus V plan.	s. 99
Fig. 87 Strukturar i hus V, tabell.	s. 100
Fig. 88 Strukturar i hus V, foto.	s. 101

Øvrige strukturar

Fig. 89 Produksjonsanlegg felt 2, tabell.	s. 102
Fig. 90 A451 og A432, profiler sett mot V. Foto 23-09/10, AH.	s. 102
Fig. 91 Kokegroper felt 2, tabell.	s. 103
Fig. 92 Kokegrop A439 plan, foto 23-31.	s. 103

Dyrkingsprofil A713

Fig. 93 Dyrkingsprofil, felt 2	s. 104
--------------------------------	--------

Funn B16510

Fig. 94 B16510 funn felt 2, tabell.	s. 105
-------------------------------------	--------

10. Resultat felt 3

Fig. 95 Oversikt felt 3.	s. 106
Fig. 96 Strukturar felt 3	s. 107

Gardsanlegg frå yngre bronsealder/eldre jernalder

Fig. 97 Gardsanlegg frå yngre bronsealder/førromersk jernalder	s. 108
Fig. 98 Hus L plan.	s. 109
Fig. 99 Strukturar i hus L, tabell.	s. 110
Fig. 100 Utvalde strukturar i hus L, foto.	s. 112
Fig. 101 Hus M plan.	s. 113
Fig. 102 Strukturar i hus M, tabell.	s. 114
Fig. 103 Utvalde strukturar i hus M, foto.	s. 115
Fig. 104 Innhegning O plan.	s. 116
Fig. 105 Strukturar i innhegning O, tabell.	s. 117
Fig. 106 Eldstader sør for innhegning O, tabell.	s. 117
Fig. 107 Strukturar i innhegning O, foto.	s. 118
Fig. 108 Hus Y plan.	s. 119
Fig. 109 Strukturar i hus Y, tabell.	s. 119

Hus frå folkevandringstid

Fig. 110 Hus N plan.	s. 120
Fig. 111 Strukturar i hus N, tabell.	s. 122
Fig. 112 Utvalde strukturar i hus N, foto.	s. 123

Gravrøys frå eldre jernalder

Fig. 113 A581 med utsyn mot fjorden (NV). Det kvite huset ytterst til høgre er Jensahuset, eitt av dei få framleis ståande husa frå klyngetunet på Skåla. Foto MØ.	s. 124
Fig. 114 Til venstre kammer etter fjerning av 10 cm masse, sett mot V. Til høgre røys A581 etter utgraving, sett mot NNØ. Foto MØ.	s. 125
Fig. 115 A580 snitt 1, profil sett mot N, og snitt 2, sett mot SØ. Foto EU.	s. 125
Fig. 116 Struktur A580 og A581, tabell.	s. 125
Fig. 117 Gravrøysa i felt 3 sett mot NØ. Fotgrøfta er synleg til høgre i biletet. Foto AH.	s. 127
Fig. 118 B16512, funn frå gravrøys og fotgrøft, tabell.	s. 128
Fig. 119 Strandforskyvingskurve, vist med ukalibrert datering	s. 138
Fig. 120 Strandforskyvingskurve, vist med kalibrert datering.	s. 139

- Fig. 121 Oversikt over undersøkte gravhaugar med steinartefaktar på Jensajordet. Stavahaugen er vist med rekonstruert størrelse. s. 140
Fig. 122 Bergartsmeisel og prismer av bergkrystall s. 141
Fig. 123 Funn av steinartefaktar i felt 1-3, tabell. s. 142

Profilar

- Fig. 124 Felt 3 med sjakt som viser tidlegare forsenkning s. 147
Fig. 125 Botnlag i A501. Foto 12-01, MKØ s. 148
Fig. 126 A501b, botanikkprofil, Ø for A501. Foto 64-28, MKØ s. 149
Fig. 127 Keramikkskår med dekor. Foto EU. s. 150
Fig. 128 Flateretusjerte pilsmissar frå Jensajordet. Foto HH. s. 151
Fig. 129 B16556 funn frå profil A501, tabell. s. 152

Funn B16511

- Fig. 130 B16511 funn frå felt 3, tabell. s. 154

Samandrag

I samband med reguleringsplan for bustadområde på Jensajordet, Rosendal, Kvinnherad kommune, gjennomførte Bergen Museum arkeologiske undersøkingar i planområdet i 2008. Undersøkinga dokumenterte busetnad og jordbruksaktivitet frå seinneolittikum til tidleg/høgmellomalder. Det vart påvist totalt 25 bygningar, stratifiserte dyrkingslag, ei gravrøys, produksjonsanlegg og fleire ulike andre strukturar. Frå yngre jernalder og mellomalder er det påvist verkstadhytter, produksjonsanlegg, dyrkingsaktivitet og ei muleg grav. Utbreiing og distribusjon av husstrukturar tilseier at busetnaden må ha vore relativt stabil på terrasseflaten frå siste del av yngre steinalder og fram til yngre romertid/folkevandringstid. I løpet av romertid eller folkevandringstid synest busetnaden å bli relokalisert. Organiseringa av busetnaden i løpet av det 3000 år lange tidsrommet som er representert i undersøkinga på Jensajordet, indikerer på eine sida busetnadsmønster gjenkjennbare frå andre lokalitetar på Vestlandet, på andre sida nyanserande element.



Fig. 1 Flyfoto av Jensajordet (inni svart ramme) med registreringssjakter. Sjaktene til venstre utanfor ramma syner omtrentleg lokalisering av kyrkjegarden frå mellomalder. Dagens Kvinnherad kyrkje øverst til venstre for midten av biletet (www.kart.ivist.no).




Fig. 2 Oversiktskart, Rosendal (www.kart.ivest.no).




Fig. 3 Oversikt over utgravingsfelt på Jensajordet. Toskipa bygningar i grønt, andre bygningar i grått.

Seinmesolittikum/tidlegneolittikum

Dei tidlegaste aktivitetsspora frå det undersøkte området på Jensajordet er gjenstandsmateriale frå seinmesolittikum/tidlegneolittikum (SM/TN). Diagnostisk funnmateriale frå SM/TN er funne i ei gravrøys i felt 3, om lag 20 m o.h. Funnmaterialet framstår tilfeldig distribuert i røysa sin fyllmasse, og må primært oppfattast som redeponering. Utover dette opptrer det spreidde avslag av flint, kvarts, kvartsitt, bergkrystall og rhyolitt i alle tre utgravingsfelta. Det diagnostiske funnmaterialet stammar sannsynleg frå ein eller fleire buplassar/aktivitetsområde, forstyrra av den seinare aktiviteten i området. Det øvrige avslagsmaterialet kan ikkje typologisk daterast nærare enn til steinbrukande tid, det vil seie eldre steinalder til eldre jernalder. Sannsynleg er avslagsmaterialet funne på Jensajordet dels forbunde med aktivitet frå busetnad i seinneolittikum til førromersk jernalder, og dels redeponert frå tidlegare aktivitet.

Seinneolittikum/eldre bronsealder

Dei eldste sikre busetnadsspora er 6 toskipa hus i felt 1. Hus T daterer seg til seinneolittikum, hus F, A, S og X til overgangen seinneolittikum/eldre bronsealder, og hus U til eldre bronsealder. Nord i felt 3 og nord for hus S-U, er dokumentert ein profil med ein muleg struktur i botnen, og stratifiserte dyrkingslag over. Den mulege strukturen i botn er c14-datert til seinneolittikum/eldre bronsealder. Botnlaga inneheldt mellom anna grovmagra keramikk frå 1 kar og mykje byggkorn, og representerer sannsynleg ei grav eller eit offer. Dateringsmessig har denne strukturen samanfall med hus T, og delvis med hus F.

Hus T, S og U framstår stratigrafisk og dateringsmessig som ein sekvens der hus T er eldst, hus S litt yngre, og hus U yngst. Lokaliseringa av dei øvrige husa kan indikere at det har stått meir enn ein bygning samtidig i løpet av seinneolittikum/eldre bronsealder, men dette er uvisst. Ut frå c14-dateringane har hus A, S og X relativt stor grad av samtidighet, i overgangen seinneolittikum/eldre bronsealder. Hus F har noko sprikande datering, dog

innanfor seinneolittikum/eldre bronsealder. Konstruksjonen av hus F har typologiske likskapar med hus T. Den yngste dateringa frå hus F til eldre bronsealder er imidlertid lik dateringa frå hus U. Samla sett kan dette indikere 3 fasar der fase 1 er representert ved hus T, fase 2 ved hus A, S og X, og fase 3 ved hus U. Hus F er vanskelegare å plassere kronologisk ut frå c14-dateringane, men ut frå likskapar med hus T kan hus F muligens plasserast til fase 1. Det er òg muleg at det til ei kvar tid har vore berre ein ståande bygning i løpet av seinneolittikum/eldre bronsealder.

Yngre bronsealder

I yngre bronsealder har det stått fire bygningar i felt 1, tre treskipa langhus og ein fire-stolpars bygning. Basert på stratigrafi og c14-dateringar kan bygningane representere to eller tre bruksfasar. Hus J representerer den eldste fasen. Seinare har ein ført opp hus K og I. Ut frå lokalisering og dateringsmessig samanfall kan desse to bygningane, og i tillegg hus W vere samtidige.



Fig. 4 Bygningar frå seinneolittikum, eldre og yngre bronsealder

Førromersk jernalder

I overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jernalder kan det skiljast ut samtidige hus som er overtydande plassert i relasjon til kvarandre. To langhus og ei innhegning i felt 3 (hus L, hus M og innhegninga O) er oppfatta som organisert i eit tun, i den forstand at dei sansynleg tilhøyrer ei driftseining til same tid. Husa og innhegninga ligg nord i felt 3 på det som før har vore ein kant i terrenget. Kanten var ikkje synleg på overflata, men framsto som eit tydeleg fyllskifte etter avdekking av felt 3. På nordsida, nedanfor kanten, er det påvist ein muleg struktur (omtalt tidlegare) og førhistoriske dyrkingsspor i fleire fasar. Husa er plassert ved sida av kvarandre med tilnærma same orientering og nordre kortside vend mot kanten, innhegninga på kanten aust for husa. Bygningane og innhegninga følgjer terrengkanten, og dannar dermed eit ope areal på sørsida. Hus Y er ein mindre bygning som kan høyre til same tunorganiseringa. Korvidt hus L og hus Y overlappar er uavklart, det er dermed vanskeleg å avgjere hus Y sin relasjon til tunet. Det er heller ikkje klare indikasjonar på utskifting av stolpar eller andre element som tilseier fleire fasar i gardsanlegget. Totalt spenner dateringsresultata frå alle 3 husa og innhegninga frå yngre bronsealder til yngre romertid, men med tyngdepunkt i førromersk jernalder.

I felt 1 er det påvist tre bygningar frå førromersk jernalder, to treskipa langhus (hus D, G) og ein liten bygning beståande av fire stolpar (hus R). Romleg framstår ikkje desse husa med ei openberr innbyrdes tilknytning. Husa er c14-datert til førromersk jernalder, med ei viss grad av tidsmessig samanfall mellom alle 3 husa og tunet i felt 3. Tilsaman dekker dateringane eit tidsspenn på fleire hundre år, ut frå dette er det vanskeleg å avgjere den innbyrdes samtidigheten mellom alle 6 bygningane innanfor dette tidsrommet. Ut frå dette framstår det sannsynleg at talet på bygningar skal forklarast gjennom utskifting. Det skal dog ikkje utelukkast at 5, muligens 6, bygningar har vore i bruk samtidig i løpet av førromersk jernalder. Viss så er tilfelle, er det uavklart korvidt bygningane representerer 1 eller 2 driftseiningar. Tidlegare undersøkingar i Bergen Museum sitt distrikt synest å indikere at 1-2 samtidige bygningar per gardsbusetnad/driftseining er vanleg førekommande i førromersk jernalder. Materialet er dog ikkje eintydig (sjå til dømes Diinhoff 1996; Bruen Olsen og Tellefsen 2010).



Fig. 5 Bygningar frå yngre bronsealder/førromersk jernalder

Romertid

I romertid kan det skiljast ut tre fasar i felt 1. Den eldste romertidsfasen er representert ved eitt einskild hus, hus H. I dei to neste fasane har det stått to parallelle langhus, begge ført opp i to fasar (hus E fase 1-2, hus B/C). Den yngste fasen går inn i yngre romertid (hus E fase 2 og hus C).

Grophuset A289 har same datering som hus E, men må vere stratigrafisk yngre då det ligg i konflikt med inngangen til hus E. Den samtidige dateringa med hus E er sannsynleg årsaka av trekol frå aktivitet i dette huset. Grophuset er sannsynleg ei verkstadhytte forbunde med seinare aktivitet, muligens yngre jernalder. Det er ikkje gjort funn av gjenstandar som kan avklare datering eller funksjon av grophuset meir spesifikt.



Fig. 6 Bygningar frå romertid

Folkevandringstid

Ei gravrøys (A581) i felt 3 daterast til eldre jernalder, muligens yngre romertid/folkevandringstid. Røysa hadde delvis bevart fotgrøft og eit steinsett kammer i sentrum. Røysa var tydeleg utsett for forstyrring, i form av plyndring, dyrkingsaktivitet, eller anna. Stein frå ein av gravhaugane på Skåla, Årmannshaugen, skal ha blitt brukt som byggemateriale i kaien. Lokaliseringa til Årmannshaugen kan muligens høve med gravrøys A581, men det er vanskeleg å avgjere sikkert om det dreier seg om same haugen. I Årmannshaugen skal ha vore eit lite murt kammer med keramikkskår, trekol og eit usikkert bryne (Fett 1956). Funnmaterialet frå undersøkinga i 2008 er funne dels i kammeret, dels i røysa sin fyllmasse og dels i fotgrøfta. Delar av funnmaterialet er brent og indikerer at det kan dreie seg om ei branngrav.

Eitt hus i felt 3 er datert til folkevandringstid. Hus N har vore totalt 18 m langt og har ei framtrekande plassering ytterst på terrassekanten, nord for gravrøysa A581. Det er kjent fleire lokaliteter på Vestlandet frå yngre romertid og folkevandringstid med bygningar av varierende størrelse, og hus N skil seg ikkje ut frå dette biletet på generelt grunnlag.

Frå spesifikt sentrale gardar med rike førhistoriske graver, mellomalderkyrkje og høg landskuld i mellomalder, skil imidlertid hus N seg ut frå samanliknbare lokaliteter. På tilsvarende undersøkte lokalitetar på Vestlandet frå yngre romertid og folkevandringstid, mellom anna Rutlin, Kvåle, Eide, Evebø og Loen i Sogn og Fjordane, er det påvist hus med lengde på rundt 40-60 meter. I den samanhengen framstår hus N som lite i høve til å oppfattast som hovudhuset på garden i folkevandringstid. Dette kan indikere at det sentrale gardstunet vart relokalisert i løpet av yngre romertid eller folkevandringstid, og ein større bygning vart oppført ein annan stad, men truleg i nærleiken. Nylege undersøkingar kan imidlertid indikere at relasjonen mellom store bygningar, storgardar og maktsentra er meir kompleks enn tidlegare antatt. Dette har potensielle implikasjonar for forståinga av hus N.

Merovingertid

Ei muleg grav (A69) i felt 1 er datert til merovingertid. A69 var ei tydeleg nedgraving på 2,8x3,4 m i plan, 60 cm djup. Struktura var pakka med store steinar i midten. I fyllmassen vart funne eit keramikkskår, ei jernnagle, eit ubestemt jernfragment, slag og eit kvartsittavslag. Funntype og -mengde gav ikkje ei klar tolking av struktura. Størrelse og form på struktura indikerer at det kan dreie seg om ei grav eller muligens eit grophus.



Fig. 7 Folkevandringstid og merovingertid.

Vikingtid og mellomalder

I felt 2 er det dokumentert tre verkstadhytter og minst tre produksjonsanlegg fra sein vikingtid og tidleg mellomalder, og dyrkingslag frå førromersk jernalder/eldre romertid til høgmellomalder (A713). Verkstadhyttene ligg like ved staden der klyngetunet på Skåla kom til å ligge fram til utskiftinga i 1890. Funnomstende både ved registreringa i 2004 og utgravinga i dette området indikerte spor forbunde med klyngetunet i nordaustre del av felt 2. Verkstadsområdet i vikingtid og tidleg mellomalder var dermed lokalisert sørvest for og i utkanten av det seinare klyngetunet. Dette indikerer at bustadhusa i vikingtid og tidleg mellomalder var lokalisert i same område som klyngetunet i nyare tid.




Fig. 8 Vikingtid og mellomalder

Bakgrunn

Arkeologiske undersøkingar på Jensajordet, Skåla gbnr. 82/5, 183, 202, i Rosendal, Kvinnherad kommune 2008, har bakgrunn i reguleringsplan for ny gravplass og bustadområde på Jensajordet. I medhald av § 9 i Lov om kulturminne gjennomførte Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, arkeologisk registrering i planområdet i 2004.

I planområdet var det frå før kjent ein gravhaug, ein av to gravhaugar lokalt kjent som Stavahaugane. Hordaland fylkeskommune si registrering påviste ytterlegare tre lokalitetar med automatisk freda kulturminne som ville bli berørt av arealbruken i reguleringsplanen (Kulturhistoriske registreringar, rapport 13 2004; Kulturhistoriske registreringar, rapport 15 2004).

Askeladden-ID 90483 (Lokalitet 1) består av ein kyrkjegard frå mellomalder, og busetnads- og dyrkingsspor frå bronsealder og eldre jernalder. Lokalitet 1 er regulert til spesialområde bevaring i gjeldande plan.

Askeladden-ID 90597 (Lokalitet 2) består av busetnadsspor frå yngre bronsealder og eldre jernalder, og ligg oppå ei stor moreneterrasse 20-25 m o.h.

Askeladden-ID 95910 (Stavahaugane) er lokalisert på same terrasseflate som lokalitet 2. Den eine gravhaugen ligg innanfor planområdet, den andre like utanfor plangrensa i aust og var ikkje inkludert i avgrensinga til lokaliteten i Askeladden. Busetnadslokaliteten Askeladden-ID 90597 og gravhaugen 95910 er dekkja av utgravingsfelt 1 og 3.

Askeladden-ID 90599 (Lokalitet 3) ligg i sørvestleg skråning nedanfor moreneterrassen på rundt 7-10 m.o.h, og består av aktivitetsspor frå yngre jernalder og mellomalder. Busetnadslokaliteten Askeladden-ID 90599 er dekkja av utgravingsfelt 2.

Ettersom tiltak etter reguleringsplanen ikkje kunne unngå å komme i berøring med lokalitet 2 og 3 i delområde B-05 i planen, vart det søkt dispensasjon for nemnte lokalitetar etter § 8, fjerde ledd i Lov om kulturminne i brev frå Hordaland fylkeskommune til Riksantikvaren datert 29. mars 2005. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne på vilkår av arkeologisk utgraving vart fatta av Riksantikvaren 15. juni 2005. I samband med planlagt realisering av tiltak etter reguleringsplanen fatta Riksantikvaren vedtak om omfang av arkeologisk utgraving etter § 10 i Lov om kulturminne 21. februar 2008. Arkeologisk undersøking av delområde B-05 på Skåla gbnr. 82/5 vart etter § 10 i Lov om kulturminne dekkja av tiltakshavar, i dette tilfellet Rosendal Eigedom AS.

Undersøkinga vart gjennomført av personale frå Universitetet i Bergen, Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern (Sfyk), i perioden 31. mars til 13. juni 2008. Det deltok 6 arkeologar og 1 botanikar på undersøkinga: Øystein Rønning Andersen, Anita Haugen, Eirik Bouwer Utne, Marie Ødegaard, Heidi Handeland (feltleiar), og Søren Diinhoff (prosjektleiar). Botanikar Lene S. Halvorsen frå Universitetet i Bergen, Bergen Museum, De naturhistoriske samlinger, utførte innsamling og analyse av paleobotanisk prøvemateriale. Paleobotanisk rapport v/Halvorsen er vedlagt.



Fig. 9 Oversiktskart Rosendal (www.gislink.no).

Introduksjon

Arkeologiske undersøkingar på Jensajordet i 2008 påviste førhistorisk aktivitet frå seinmesolittikum til mellomalder. Best representert i materialet er busetnads- og dyrkingsspor frå seinneolittikum til eldre jernalder (felt 1 og 3). Spreidde gjenstandsfunn frå seinmesolittikum og tidlegneolittikum indikerer aktivitet i området før jordbruksbusetnad i yngre steinalder. Frå vikingtid og tidleg/høgmellomalder er dokumentert verkstadhytter, produksjonsanlegg og dyrkingsaktivitet (felt 2).

Felt 1 og 3 ligg på ei topografisk samanhengande flate i austre del av undersøkingområdet. Felt 1 lengst aust hadde tettast konsentrasjon av strukturar. Det er i felt 1 påvist 18 hus av ulik type (langhus og mindre bygningar), ei muleg grav, kokegroper og dyrkingsspor. I felt 3 er det påvist 3 langhus og 1 mindre bygning, 1 innhegning, 1 gravrøys, kokegroper og dyrkingsspor. Funnmaterialet i felt 1 og 3 fell innanfor tidsspennet seinneolittikum – folkevandringstid/merovingertid. Felt 1 og 3 sett i samanheng kan det frå førromersk jernalder og fram til og med overgangen eldre/ynge romertid påvisast bygningar som framstår romleg organisert i relasjon til kvarandre.

Felt 2 ligg i skrånande terreng nedanfor terrasseflaten i vest, nær staden der klyngetunet på Skåla har stått i historisk tid. Funna i felt 2 skil seg i kronologi og funksjon frå felt 1 og 3. I felt 2 er det påvist 3 små bygningar, produksjonsanlegg, kokegroper og dyrkingsspor. Bygningane og produksjonsanlegga er datert til vikingtid og tidleg mellomalder. Husa er tolka som verkstadbygningar. Dyrkingsspora er datert til eldre jernalder og høgmellomalder.

Kronologisk ramme

Tidsalder	Periode	C14 alder BP*	kalender alder
Eldre steinalder	Tidligmesolittikum (TM)	10000 - 9000 BP	9200 - 8050 f.Kr
	Mellommesolittikum (MM)	9000 - 7500 BP	8050 - 6400 f.Kr
	Senmesolittikum (SM)	7500 - 5200 BP	6400 - 4000 f.Kr
Yngre steinalder	Tidligneolittikum (TN)	5200 - 4600 BP	4000 - 3300 f.Kr
	Mellomneolittikum A (MNA)	4600 - 4100 BP	3300 - 2800 f.Kr
	Mellomneolittikum B (MNB)	4100 - 3800 BP	2800 - 2400 f.Kr
	Senneolittikum (SN)	3800 - 3500 BP	2400 - 1800 f. Kr
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 - 2900 BP	1800 - 1000 f.Kr.
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 - 2500 BP	1000 - 500 f.Kr
Jernalder	Førromersk jernalder (FRJA)	2500 - 2010 BP	500 - Kr.f.
	Romertid (RT)	2010 - 1680 BP	Kr.f - 400 e.Kr
	Folkevandringstid (FVT)	1680 - 1500 BP	400 - 570 e.Kr
	Merovingertid (MVT)	1500 - 1210 BP	570 - 800 e.Kr
	Vikingtid (VT)	1210 - 1050 BP	800 - 1030 e.Kr
Middelalder	(MA)	1050 - 320 BP	1030 - 1537 e.Kr
Nyere tid		320 BP -	1537 e.Kr -

*Basert på flere kilder. Presis plassering av flere overganger er debattert (Simpson 2004).

Topografi

Det aktuelle undersøkingsområdet ligg sentralt i Rosendal, kommunesenteret i Kvinnherad kommune. Arealet ligg i NV del av ei større terrasse om lag 20-25 m o.h., og kallast lokalt Jensajordet. N for Jensajordet er ein bebygd skråning opp mot terrasseflata der Kvinnherad kyrkje ligg. Jordet er elles omkrinsa av moderne busetnad og tilkomstvegar. Søraust for Jensajordet er flat og slakt hellande dyrka mark, topografisk samanhengande med undersøkingsområdet. Felt 1 og 3 ligg oppå terrassen, korav felt 3 strekker seg ut på terrassekanten i vest. Frå kanten hellar terrenget i sørvestleg retning mot fjorden, ned mot Fv48. Felt 2 ligg i nedre del av denne hellinga, om lag 7-10 m o.h.

Området er godt jordbruksland, og arealet har vore nytta til mellom anna grasproduksjon fram til i dag. Undergrunnstilhøva varierte innanfor planområdet og besto av silt, sand og grus, med meir og mindre stein. Grunnen generelt hadde gode dreneringstilhøve.

Tidlegare funn i området

Ut frå skriftlege kjelder og tidlegare kjende funn av automatisk freda kulturminne er det godt belagt at Skåla har vore ein sentral gard i Rosendal. Gardsnamnet Skåla blir språkhistorisk forbunde med gildeskål, staden der storbonden heldt gilde. Det er imidlertid tvilsomt at Skåla er det eldste namnet på garden. I 1605 var Skåla under lagmannsstolen, skattelista oppgir då høg landskuld på 12 lauper smør og 12 hudar (Havnelid 1988:139-146). Kvinnherad kyrkje er oppført på Skåla midt på 1200-talet, og ligg på ei markert terrasse nord-nordvest for Jensajordet. Som tidlegare nemnt er det òg kjent spor etter ei eldre mellomalderkyrkje på Skåla (Askeladden-ID 90483), nord for undersøkte aktivitetsspor frå vikingtid/mellomalder. Høg landskuld, lokalisering til god jord, mellomalderkyrkje og mange og rike førhistoriske gravhaugar gir alle indikasjonar på at Skåla har vore ein sentral gard i mellomalder og i jernalder.

Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden oppgir per 7. januar 2011 17 kulturminnelokalitetar på Skåla, korav fleirtalet er gravhaugar og busetnadsspor. I tillegg til

dei 3 utgravde lokalitetane som blir presentert i denne rapporten (Askeladden-ID 90597, 90599, 95910), er det kjent følgjande lokalitetar:

Askeladden-ID 6400 gravhaug

Askeladden-ID 25943 gravrøys

Askeladden-ID 35846 gravrøys

Askeladden-ID 55170 nausttuft frå jernalder

Askeladden-ID 66377 gravrøys

Askeladden-ID 90483 kyrkjegard og busetnadsspor

Askeladden-ID 95909 gravhaug

Askeladden-ID 15771 2 gravhaugar/røyser

Askeladden-ID 101797 busetnadsspor og 1 gravhaug

Askeladden-ID 107607 aktivitets- og busetnadsspor frå eldre og yngre steinalder, bronse- og jernalder

Askeladden-ID 107608 gjenstandsfunn frå steinalder og jernalder

Askeladden-ID 108121 8 kolgroper og 1 holveg

Askeladden-ID 135311 dyrkingsspor

Askeladden-ID 135327 funnstad for 1 smalflekk av mylonitt og eit tynt kleberkarskår

I fjorden sør og sørvest for Jensajordet er det kjent 3 marine lokaliteter:

Askeladden-ID 119474 ballastrøys

Askeladden-ID 119588 kai/brygge

Askeladden-ID 122786 stokkanker

Per Fett gir opplysningar om nærare 20 gravhaugar/røyser på Skåla (Fett 1956), og Topografisk Arkiv ved Bergen Museum inneheld opplysningar om ei lang rekke funn frå Skåla, herav 3-4 graver frå eldre og yngre jernalder:

B110-B111 glasmaisaikkperler

B5123 gravkammer

B6993 ei mannsgrav og ei kvinnegrav

Fleire lausfunne gjenstandar kan òg stamme frå graver:

B1620 fiskesøkke

B5122 beltestein

B6893 spinnehjul

B7062 skålforma bronsespenne

B7877 spydspiss av jern

B9319 beltestein av kvartsitt

I august 2008 føretok Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern, ei sikringsgraving av ein av Stavahaugane på Skåla, gbnr. 82/19. Denne haugen låg like søraust for planområdet på gbnr. 82/5. Gravhaugen på bnr. 19 var ikkje inkludert i lokalitetsavgrensinga til Askeladden-ID 95910 ettersom denne haugen ikkje var synleg ved innmålingstidspunktet. Utgraving av gravhaugen påviste to gravleggingar, ei branngrav frå yngre bronsealder i haugen sitt sentrum, og ei branngrav frå førromersk jernalder aust for sentrum. Den store haugen har sannsynleg blitt anlagt over desse to gravene på eit seinare tidspunkt, truleg i samband med ei tredje gravlegging i eldre jernalder (Handeland 2009).

Dei næraste gardane rundt Skåla har òg eit stort antal kulturminne, i form av mellom anna busetnads- og aktivitetsspor frå steinalder til mellomalder (jmf. Valvik 2010).

Målsetting

Målsettinga for undersøkinga formulert i prosjektplan frå Bergen Museum datert januar 2008 var å karakterisere busetnadstilhøve og jordbrukspraksis frå yngre bronsealder fram til vikingtid, med sikte på å studere busetnadstettleik og –struktur. Med bakgrunn i mulege haugrestar lokalisert innanfor planområdet var det ei målsetting å karakterisere gravskikk i eit lokalt og regionalt kulturhistorisk perspektiv, samt å sikre informasjon om mulege gravminne. Undersøkinga tok òg sikte på å kartlegge vegetasjonshistoria ved dei to berørte lokalitetane, med vekt på tilhøvet mellom kulturplanter og øvrige vegetasjon.

Metode og forløp

Undersøkinga på Jensajordet vart gjennomført ved maskinell flateavdekking. Det vil seie at matjord og eventuell annan overdekkande masse blir fjerna maskinelt ned til funnførande lag/undergrunn. På denne måten kan førhistoriske aktivitetsspor, strukturar i form av stolpehol, veggrofter, graver, med meir påvisast. Strukturar blir dokumentert ved digital innmåling, foto og teikning i plan og profil. Frå utvalde strukturar blir det samla inn prøvemateriale for C14-datering, botanisk analyse og eventuelle andre relevante analysar.

Det vart avdekka 3 utgravingsfelt med eit samla areal på 4843 kvm, og definert totalt 722 einskildstrukturar. Felt 1 vart teikna i plan i målestokk 1:50, felt 2 og 3 vart teikna digitalt. 1 gravhaug i felt 3 vart utgravd i kvadratmeterruter, og massen vannssålda med 4 mm maskevidde. Fyllmasse frå andre mulege graver, grophus og funnførande lag i felt 3 vart òg sålda på same vis.

Totalt vart det samla inn om lag 810 vitenskaplege prøvar til C14-datering, botanisk analyse og fosfatanalyse. Etterarbeidet besto av handsaming av prøvemateriale, katalogisering av funn, systematisering av dokumentasjon og utarbeiding av rapport. Dateringsprøvar er datert ved Beta Analytic Inc, Florida. Dateringar er i rapporten oppgitt med 2. sigma avvik. Paleobotaniske prøvar er analysert ved De naturhistoriske samlinger, Bergen Museum, og fosfatprøvar er analysert av Finn Christensen, Danmark.

Resultat felt 1

Felt 1 var 2376 kvm og låg lengst aust i planområdet. Det vart definert 516 einiskildstrukturur på feltet. Det kunne skiljast ut 18 bygningar med eit kronologisk spenn frå seinneolittikum til overgangen eldre/ynge romertid. 5 hus daterast til seinneolittikum/eldre bronsealder, 1 hus til eldre bronsealder, 3 hus til yngre bronsealder, 3 hus til førromersk jernalder og 6 hus til romertid. 14 av 18 bygningar i felt 1 er orientert NV-SØ. Lokalt er det kjent at kald vind i dette området ofte kjem inn frå Folgefonna i aust. Orienteringa av bygningane kan dermed vere ei tilpassing til vind frå aust, i den forstand at gavlane på husa er lagt mot vindretninga.

Det vart vidare funne 1 muleg grav, 6 kokegropar, 5 eldstader og kolflekker, og stratifiserte dyrkingslag i heile den nordlegaste profilveggen av feltet. Restar av ein muleg gravhaug vart undersøkt, denne gav ingen funn av strukturar eller gjenstandar.





Fig. 10 Oversikt strukturar, felt 1





Bygningar frå seinneolittikum/eldre bronsealder

Dei eldste sikre busetnadsspora er 6 toskipa hus i felt 1. Hus T daterer seg til seinneolittikum, hus F, A, X og S til overgangen seinneolittikum/eldre bronsealder, og hus U til eldre bronsealder.

Hus T og hus F er rektangulære langhus med noko uryddig vegglinje. Begge husa viser ei viss grad av dateringsmessig samanfall med profil A501 og A714, felt 3. Botanisk materiale viser dyrking av bygg i denne fasen. Vegetasjonen har vore open, og det er indikasjonar på beiting (sjå vedlagt paleobotanisk rapport).

Hus A, X og S har stor grad av dateringsmessig samtidighet. Alle har meir eller mindre avrunda gavl og relativt ryddige vegglinjer. Husa overlappar ikkje og kan ha stått samtidig. Dei gir imidlertid ikkje eit overtydande romleg inntrykk av å orientere seg til kvarandre. Hus A har imidlertid noko sprikande datering. Hus U syntest å ha identisk form som hus S. Huset framstår som ein seinare fase av hus S, der huset i den yngre fasen er trekt lenger austover.

Dei 6 toskipa husa representerer minimum 3 bruksfasar der den eldste kan bestå av hus T, den neste av hus A, X, S og den yngste fasen hus U. C14-dateringar kan indikere ein kronologisk sekvens der dei einskilte husa har avløyst kvarandre i rekkefølgen eldst til yngst: hus T, hus A, hus X, hus S, hus U. Hus F er på bakgrunn av c14-dateringar vanskeleg å plassere i høve til dei andre husa. Dersom bygningane har avløyst kvarandre i den grad at det til ei kvar tid kun har vore eitt ståande hus, kan bygningane representere opptil 6 bruksfasar.



Fig. 13 Toskipa hus




Fig. 14 Hus T plan.

Hus T

Hus T er orientert NV-SØ og er tolka som eit toskipa hus. Planet i huset er uryddig og vanskeleg tolkbart. A611 og A612 ser ut til å vere utskifta, dette saman med tettleiken av stolpehol kan indikere fleire fasar. Ein toskipa konstruksjon kan forklare at alle stolpane har god dybde, ettersom veggstolpane i ein treskipa bygning oftast er spinklare samanlikna med dei takberande stolpane. Det let seg ikkje skilje ut overtydande treskipa konstruksjonar.

Datering

To strukturar i hus T er C14-daterte.

A606 er datert til 3730±40 BP, BC 2280-2250/2220-2020, seinneolittikum (Beta-249053).

A649 er datert til 3600±60 BP, BC 2130-1860/1850-1770, seinneolittikum/eldre bronsealder (Beta-249052).

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate, cm	breidde flate, cm	dybde prf, cm	breidde prf, cm	sider	botn	fill	kommentar
623	stolpe	hus S/T	oval	40	36	48	38	rett	rund	mørk gråbrun sandet	stolpeavtrykk
622	stolpe	hus S/T	rundoval	34	28	28	32	skrå	flat	gråbrun sandet, enkelte steiner	steinskoning
602	fillskifte	hus T	rundoval	22	22	4					
605	stolpe	hus T	rund	24	22	26	48	skrå	rund	gråbrun humusbl sand/grus, sand/grus på Ø-side	mulig stolpeavtrykk
607	stolpe	hus T	oval	36	28	38	28	rett	rund	gråbrun sandet, gråbrun/gulsp, diffus i bunn	
604	stolpe	hus T	rund	22	22	44	22	rett	rund	gråbrun humusbl sand, grus, lysere masse ibl i bun	steinskoning, mulig opptrukket stolpe?
612	stolpe	hus T	rund	42	42	44	36	rund	rund	mørk gråbrun humus, sand/grusbl. Lysere i bunn	utskiftet
649	stolpe	hus T	rund	38	36	42	30	rett	rund	gråbrun sandet	stein i bunnen. Beta-249052
600	stolpe	hus T	oval	36	26	32	38	rett	skrå	gråbrun humusbl sand/grus	stor stein i bunnen
601	stolpe	hus T	rundoval	34	28	38	32	rett	rund	gråbrun humusbl sand/grus, lysere i nedgr	stolpeavtrykk
606	takstolpe	hus T	oval	40	24	46	44	skrå	rund	gråbrun humusbl sand,grus,småstein	stolpeavtrykk og steinskoning. Beta-249053
615	stolpe	hus T	rund	46	46	22	48	skrå	skrå	gråbrun sandet, lysere mot bunn og NV-side	stolpeavtrykk
603	stolpe	hus T	rundoval	34	30	36	24	rund	rund	mørk gråbrun humusbl sand, grus, mye stein	
617	takstolpe	hus T	rund	21	21	30	26	rett	rund	gråbrun sandet	
611	stolpe	hus T	rund	38	38	47	42	rund	rund	mørk gråbrun humus, sand/grusbl. Spr kull	ser ut til å være utskiftet, steinskoning
641	stolpe	hus T	oval	40	36	40	24	rett	rund	mørk gråbrun sandet	se 616. Breidde i prf målt der 641 kan skilles fra 616.
624	stolpe	hus T	rundoval	28	26	31	42	skrå	rund	gråbrun sandet lysere mot bunn og sider	stolpeavtrykk
610	stolpe	hus T	rund	21	20	21	17	rett	flat	gråbrun sandet, stedvis spettet m/oransje grus	
609	takstolpe	hus T	rund	32	30	26	30	skrå	spiss	gråbrun sandet	
618	stolpelikn	hus T	rund	30	30	20	40	skrå	rund	gråbrun sandet, gulspettet, diffus i bunn	
626	stolpe	hus T?	rund	28	26	24	24	skrå	flat	gråbrun/lys grå sandet	litt diffus

Fig. 15 Strukturar i hus T, tabell.



A601 (foto 46-16, HH)



A611, A612 (foto 49-02, HH)



A606 (foto 48-10, HH)



A617 (foto 50-24, SD)



A609 (foto 50-22, SD)



A618 (foto 49-14, SD)



A649 (foto 50-18, SD)




Fig. 17 Hus F plan.

Hus F

Hus F er toskipa og orientert NV-SØ. Huset består av 3 takberande stolpar og 18 veggstolpar. Breidda er opptil 5,3 m, lengda rundt 12,7 m.

Datering

To takberande stolpar frå hus F er datert.

A49 er datert til 3580±40 BP, BC 2030-1870/1840-1820/1790-1780, seinneolittikum/eldre bronsealder (Beta-249039).

A92 er datert til 3390±40 BP, kalibrert 1760-1610 BC, eldre bronsealder (Beta-253016).

struktur	tolking	anlegg	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	yll	kommentar
39	takstolpe	hus F	oval	52	34	43	27	rett	rund	gråsvart sand, kolhaldig. Mykje stein	steinskoning
49	takstolpe	hus F	oval	40	32	45	36	skrå	flat	mørk grå humushaldig sand, kolhaldig	stolpeavtrykk
92	takstolpe	hus F	rundoval	48	38	50	42	rett	rund	svartgrå sand, svært kolhaldig	flat stein i botn
7	veggstolpe	hus F	rundoval	32	28	34	26	rett	rund	stolpeavtr: mørk gråbrun silt, spr kol	stolpeavtrykk
17	veggstolpe	hus F	rund			32	28	skrå	rund	grå sand, småstein	
50	veggstolpe	hus F	oval	30	25	38	22	skrå	rund	mørk brun/gråsvart sand, mykje stein, gråare mot botn	
55	veggstolpe	hus F	oval			36	34	skrå	rund	gråsvart sand, småstein. Spr kol i øvre del	
85	veggstolpe	hus F	rund	25	25	24	26	skrå	rund	mørk brun sand, grus, småstein, stein	steinskoning
87	veggstolpe	hus F	oval	28	22	31	20	skrå	flat	svartbrun sand, spr kol	utflytande i botn
127	veggstolpe	hus F	oval	30	25	30	44	rett	rund	gråsvart sand, grus, småstein. Kolhaldig	
375	veggstolpe	hus F	rund	25	25	25	16	rett	rund	gråsvart sand, grus, småstein. Kolhaldig	steinskoning
383	veggstolpe	hus F	rundoval	28	24	32	21	skrå	rund	gråsvart sand, grus, småstein. Spr. kol	
389	veggstolpe	hus F	rund			40	26	skrå	rund	gråsvart sand, småstein, stein. Spr kol	stolpeavtrykk og steinskoning
391	veggstolpe	hus F	oval	52	40	40	38	skrå	rund	gråsvart sand, småstein, spr kol	steinskoning
427	veggstolpe	hus F	rund			38	24	rett	rund	brungrå sand	steinskoning
428	veggstolpe	hus F	oval			42	16	rett	flat	brun humusbl silt	
27	veggstolpe	hus F?	rundoval	30	25	42	36	rett	skrå	gråsvart sand, mykje stein	steinskoning
54	veggstolpe	hus F?	rundoval	38	36	14	22	skrå	rund	mørk brun humushaldig sand.	usikker
382	veggstolpe	hus F?	rund	10	10	31	14	skrå	spiss	mørk brun sand, småstein	

Fig. 18 Strukturar i hus F, tabell.



A7 (foto 14-35, HH)



A376 (foto 16-12, MØ)



A39 (foto 15-15, MØ)



A49 (foto 14-30, ØA)



A 92 (foto 15-06, ØA)




Fig. 20 Hus A plan.

Hus A

Hus A ligg i nordøstre utkant av felt 1, og er avdekka i antatt halv utstrekning diagonalt. Oreinteringa er NV-SØ. Huset består av ein sikker takberande stolpe (A104) og 14 sikre veggstolpar. Huset er avdekka i 14 meters lengde, men kan ha vore noko lengre. Den takberande stolpen A104 ligg 3,8 m frå den vestre vegglinja, dette gir ei total breidde på rundt 7,6 m. Djupe veggstolpar og plasseringa av den takberande stolpen tilseier at huset har vore toskipa. Den vestlege gavlen er kanta og ryddig i formen. Gavlforna i hus A liknar delvis på gavlane i hus F, dog har hus F ei mindre ryddig vegglinje.

Det går to moderne grøfter gjennom hus A, ei i retning Ø-V og ei i retning N-S. Den sistnemnde grøfta ser ut til å ha fjerna ein veggstolpe.

Funn

Eitt retusjert makroavslag av flint med største mål 5,7 cm, er funne i veggstolpen A121 (funn-nr. 37, (B16513)).

Datering

Veggstolpen A160 er c14-datert til 3510+/-40 BP, kalibrert BC 1940-1740 (Beta-249049), seinneolittikum/eldre bronsealder.

Veggstolpen A101 er c14-datert til 3620+/-40 BP, kalibrert BC 2130-2090/2050-1890 (Beta-293725), seinneolittikum.

struktur	tolking	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fyll	kommentar
21	veggstolpe	oval	38	30	48	42	rett	flat	mørk brun/grå humusbl silt	
23	veggstolpe	rundoval	38	36	48	44	skrå	flat	mørk brun/grå humusbl silt	
101	veggstolpe	rundoval	38	30	56	28	skrå	rund	mørk brun/grå humusbl silt	
102	veggstolpe	rundoval	38	32	46	30	rett	flat	mørk brun humusbl silt	
103	veggstolpe	oval	38	30	48	30	skrå	rund	mørk brun/grå humusbl silt	
104	takstolpe	rundoval		48	72	34	rett	flat	stolpeavtrykk. Mørk brun humusbl silt.	
106	veggstolpe	rundoval	52	46	26	46	skrå	rund	mørk brun/svart sand, grus, småstein	
107	veggstolpe	oval	34	30	28	42	skrå	skrå	mørk brun/svart grå sand, grus, småstein. Kolhaldig	
108	veggstolpe	oval	62	40	20	26	rund	rund	mørkbrun/svartgrå sand, grus, småstein	
121	veggstolpe			41	40	34	skrå	flat	gråsvart sand/grus, spr trekull	
160	veggstolpe	rund	26	26	44	33	skrå	rund	mørk brun/svart sand, grus, kullholdig	
257	veggstolpe	oval	29	20	10	26	runde	flat	gråsvart/mørk brun sand, grus	
288	veggstolpe	rundoval	30	26	14	26	skrå	rund	gråsvart/mørk brun sand, grus. Flekker m/lys sand	
293	veggstolpe	oval	46	36	20	28	skrå	skrå	mørk brun/svart sand, grus, småstein. Spr kol	
299	veggstolpe	oval	39	32	26	28	rund	rund	mørk brun/svart sand, grus, småstein. Spr kol	
351	stolpelikn	rund	36	34	32	33	skrå	rund	mørk brun/mørk grå humusbl. silt	

Fig. 21 Strukturar i hus A, tabell.



A21 (foto 05-22, AH)



A103 (foto 07-17, AH)



A23 (foto 05-33, AH)



A104 (foto 09-13, AH)



A101 (foto 07-06, AH)



A106 (foto 09-06, AH)



A102 (foto 07-10, AH)



A107-108 (foto 09-14, MØ)




Fig. 23 Hus S plan.

Hus S

Hus S er toskipa og orientert NNV-SSØ, og er truleg ein eldre fase av hus U. Hus S består av ein takberande stolpe (A621) og 11 sikre veggstolpar. A621 kan ha blitt utskifta. Veggstolpane dannar ein tydeleg avrunda gavl mot NV. Breidda er rundt 5,5 m på det breiaste. I SØ retning kan ikkje hus S skiljast frå hus U, men hus S har truleg fortsett i same retning. Total lengde målt frå gavl til feltkant er 8,8 m. Huset kan ha vore noko lengre enn dette.

Datering

Ein takberande stolpe (A621) og ein veggstolpe (A685) er datert frå hus S.

A621 er datert til 3490±40 BP, BC 1920-1730/1720-1690, seinneolittikum/eldre bronsealder (Beta-249046).

A685 er datert til 3470±40 BP, BC 1890-1690, seinneolittikum/eldre bronsealder (Beta-249048).

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fyll	kommentar
608	veggstolpe	hus S	rundoval	24	22	25	19	skrå	flat	mørk gråbrun sandet/gulbrun gulspeitta sand	mørkaste del truleg stolpeavtrykk
613	veggstolpe	hus S	rund	34	34	40	28	rett	skrå	gråbrun sand, litt speitta m/oransje grus	stein i botn
614	veggstolpe	hus S	rundoval	44	40	38	38	rett	rund	mørk gråbrun sand/gulbrun gråbrun speitta sand	mørkaste del truleg stolpeavtrykk
616	veggstolpe	hus S	rundoval	46	42	58	28	rett	flat	gråbrun sand	flyt saman med 641 i plan og øverst i snittet. Breidde i prf er målt der 616 og 641 kan skiljast.
619	veggstolpe	hus S	oval	70	56	38	60	skrå	flat	lys mellom gråbrun sand	
621	takstolpe	hus S	rundoval	48	42	60	56	rett	rund	mørk gråbrun sand i topp, lys grå sand i botn	utskifta?
625	veggstolpe	hus S	oval	40	28	38	32	rett	flat	gråbrun sand, meir diffus mot botn	stein i botn
628	veggstolpe	hus S	rund	42	40	42	42	rett	flat	gråbrun sand, lysare mot botn	steinskoning
629	veggstolpe	hus S	rund	40	42	46	42	skrå	flat	gråbrun sand	sekundær grop i topp?
630	veggstolpe	hus S	rundoval	42	38	54	48	rett	flat	gråbrun sand	stolpeavtrykk og steinskoning
684	veggstolpe	hus S	oval	40	36	44	32	skrå	flat	mørk brun/svartgrå sand, spetter av rødbrun sand	flat stein i botn og steinskoning
685	veggstolpe	hus S				34	32	skrå	spiss	mørk brun humusbl silt, noko nevestor stein	steinskoning
622	stolpe	hus S/T	rundoval	34	28	28	32	skrå	flat	gråbrun sand, enkelte steinar	steinskoning
623	stolpe	hus S/T	oval	40	36	48	38	rett	rund	mørk gråbrun sand	stolpeavtrykk
631	fyllskifte	hus S?	oval	40	20	10	36	runde	flat	gråbrun sand	muleg veggstolpe
712	stolpe	hus S?				34	38	rett	flat	mørk brun humusbl silt, spr kol, lysare mot sidene	flat stein i botn og stolpeavtrykk

Fig 24 Strukturar i hus S, tabell.



A608 (foto 52-04, SD)



A628 (foto 52-25, SD)



A613 (foto 52-03, SD)



A629 (foto 52-23, SD)



A616 (foto 50-27, SD)



A681 (foto 62-33, AH)



A621 (foto 52-16, SD)




Fig. 26 Hus X plan.

Hus X

Hus X framstår som ein toskipa enkel bygning orientert NV-SØ. Huset består av ein djup takberande stolpe og 6 djupe veggstolpar. 10 veggstolpar er grunnare, men synest å passe inn i mønsteret saman med dei djupe veggstolpane. Den totale husbreidda er opptil 8 meter, avdekkalengd er 8 m. Gitt at stolpane A2, A76 og A80 høyrer til hus X er størstedelen av huset avdekket, og framstår dermed som ei tilnærma kvadratisk hytte.

Funn B16513

Eitt fragment frå ein slipestein i kvartsitt med slipepor på ei side er funne i veggstolpen A134 (funn-nr. 363). Største mål på fragmentet er 10,1 cm.

Datering

To stolpehol frå hus X er c14-datert.

A65 er datert til 3450+/-40, kalibrert BC 1880-1670 (Beta-249038), siste del av seinneolittikum/eldre bronsealder.

A66 er datert til 3460+/-40 BP, kalibrert BC 1890-1680 (Beta-253017), siste del av seinneolittikum/eldre bronsealder.

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fyll	kommentar
36	stolpe	hus X	rund			96	54	rett	flat	mørk brun humusbl silt	steinskoning
65	stolpe	hus X	rund	55	55	72	44	rett	rund	gråsvart sand, grus, stein. Spr kol.	steinskoning
66	stolpe	hus X	rund	50	50	94	54	rett	flat	mørk brun humusbl silt	stolpeavtrykk og steinskoning. Kan vere 2 fasar.
74	stolpe	hus X	oval	45	40	78	60	rett	rund	mørkbrun/svart sand, gråare mot botn	steinskoning. 2 fasar?
134	stolpe	hus X	rundoval	45	40	80	52	rett	flat	mørk brun humusbl silt, meir grå på sidene	stolpeavtrykk og steinskoning
139	stolpe	hus X	rundoval	40	35	78	52	rett	ujevn	mørk brun humusbl silt, lysare i botn	steinskoning og stolpeavtrykk, stolpen må vere utskifta
411	stolpe	hus X	rundoval		60	67	66	rund	spiss	mørkbrun/gråsvart sand, grus, småstein	ikkje skilt frå A28 i plan. Steinskoning.
2	stolpe	hus X?	rundoval	25	20	34	32	rett	skrå	mørk brun humusbl silt, spr kol, mykje stein	steinskoning
13	stolpelikn	hus X?	rund	32	26	28	48	rund	rund	gråbrun humusholdig sand, lysare og spættet i topp	mulig steinskoning
A289 vart datert ved registreringsundersøkinga, til 1890+/-50 BP, AD 75-215 (Tua-4844, Rapport 15, 2004: 26), eldre romertid. Denne datering er samanfallande med datering av hus E. Lokaliseringa av A289 er i konflikt med eine inngangen i hus E, dette gjer det tvilsomt at langhuset og grophuset har vore i bruk til same tid. Den homogene massen i A289 gjorde at føresetnadene var gode for å fange opp eventuelle sekundære strukturar. Ettersom det ikkje var veggstolpar til hus E gravd ned i A289 må denne vere sekundær til hus E. Grophuset si datering til eldre romertid er sannsynleg årsaka av innblanding av trekol frå aktivitet knytt til hus E.

A69 grop

A69 er ei tydeleg nedgraving på 280x340 cm i plan, og opptil 61 cm djup. Forma i plan kan tyde på at det dreier seg om to nedgravingar, dette vart ikkje stadfesta under snitting. A69 er tydeleg nedgravd i undergrunnen, med slakt skrånande/rund nedskjæring. Botnen er tilnærma flat. Det vart gravd to motståande kvadrantar etter lokalt målesystem. Profilane syner at strukturen er pakka med store steinar i midten. Massen vart sålda i 4 mm såld, men funnmengda var sparsom.



Under A69 var det eit trekolsjikt som er stratigrafisk skilt frå botnen av strukturen med undergrunnssand. Trekolsjiktet er ikkje gjenfunne andre stader på flata, og er truleg forbunde med A69. Kva funksjon dette har hatt er ikkje klart.

Fig. 70 A69 i plan, sett mot Ø. Foto AH.



Fig. 71-72 Trekollinse under A69 og profil sett mot S. Foto AH.

Funn

Funn-nr. 1: Eitt ubestemt jernfragment, funne ved opprens.

Funn-nr. 5: Ei jernnagle med rundt hovud, funne ved opprens.

Funn-nr. 6: 17,88 gram jernslag, funne ved opprens.

Funn-nr. 20: Eitt skår av kvarts- eller sandmagra keramikk, funne ved snitting.

Datering

A69 er datert til 1350+/-50 BP, AD 610-770, merovingertid (Beta-249034).

Tolking

A69 er sannsynleg eit grophus eller ei grav. Funnmaterialet samla inn frå strukturen gir ikkje eit klart bilete av funksjonen til strukturen.

A385 røysrest

I bruksgrensa mellom Skåla gbnr. 82/5 og gbnr. 82/19 har det lege to gravhaugar kalla Stavahaugane (Askeladden-ID 95910). Den eine låg overvegande på bnr. 5 og låg innanfor plangrensa for arkeologiske undersøkingar på Jensajordet. A385 framsto som ei slak forhøgning på overflata i søraustre del av planområdet, og er mulege restar av den eine av Stavahaugane. Haugresten var forstyrra av moderne aktivitet og vanskeleg å avgrense. Det vart ikkje påvist strukturar i eller under den undersøkte delen av haugen. Det vart heller ikkje påvist funnmateriale i massen som sikkert kan relaterast til ei grav.

Den andre Stavahaugen låg overvegande på bnr. 19, og vart arkeologisk undersøkt ved ei sikringsgraving gjennomført av Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern i august 2008. Sikringsundersøkinga påviste to gravleggingar i to fasar, frå yngre bronsealder og førromersk jernalder. Oppbygginga av haugen indikerer òg ein tredje fase i eldre jernalder (sjå Handeland 2009).




Fig. 73 A385 røysrest på gbnr. 82/5 og gravhaug på gbnr. 82/19.

Kokegroper og eldstader

I felt 1 vart det dokumentert 11 trekolhaldige strukturar som ikkje kan relaterast til bygningar eller andre samanhengar, i form av eldstader i hus og anna. Dette omfattar 6 kokegroper, 2 eldstader og 3 kolflekkar i felt 1. Kolflekkene kan vere rester av dårleg bevarte eldstader/kokegroper. Strukturane representerer sannsynleg aktivitet frå ulike tider forbunde med busetnaden og øvrige aktivitetsspor på flata.

Funn

Funn-nr. 10: 36,68 gram jernslag, funne i kokegropa A70.

Funn-nr. 13: 0,05 gram hasselnøttskal, funne i kokegropa A70.

Funn-nr. 51: Bergkrystall med mulege knusespor, funne i kokegropa A41.

Datering

To kokegroper er $c14$ -datert.

A46 er datert til 1860+/-40 BP, AD 60-240, eldre romertid (Beta-249033).

A242 er datert til 2450+/-50 BP, BC 780-400, yngre bronsealder/førromersk jernalder (Beta-249056).

struktur	tolking	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	trekol	skjbr stein	yll	kommentar
183	eldstad	rundoval	65	50	12	54	loddrette	flat	X		mørk brun humusbl silt, fl kolkonsentrasjonar	
261	eldstad	oval	88	76	12	76	runde	rund	X		brungrå sandet, kolstripe. Ubrente steinar	
1	kokegrop	oval	104	80					X		kolbl jord	Fjerna for å komme ned på undergrunn. Ikkje snitta
41	kokegrop	oval	125	105	16	132	skrå	flat	X	X	mørk brun humusbl silt, mykje kol og stein	kan henge saman med A359, desse er vanskelege å skille i plan og profil
46	kokegrop				8	80	runde	rund	X		kol	I prf A, ikkje dok i plan
70	kokegrop	rundoval	144	118	30	120	runde	ujevn	X	X	humusbl silt, kol i konsentrasjoner	
242	kokegrop	oval	160	136	20	160	runde	flat	X	X	mørk gråbrun/svartbrun kolhaldig	
690	kokegrop	oval	108	104	18	122	runde	flat	X	X	mørk brun humusbl silt, mykje kol og stein	
132	kolflekk	rundoval	30	25	6	25	skrå	flat	X		kolbl mørk grå/svart sand	
181	kolflekk	rundoval	32	28	8	18	skrå	skrå	X		rødbrun sand m kolkonsentrasjon i midten (i plan)	
233	kolflekk	rund			8	14	loddrette	rund	X		kolhaldig	

Fig. 74 Eldstader, kokegroper og kolflekkar, tabell.

Stolpehol og groper med ukjent funksjon

I felt 1 vart det påvist 67 stolpehol/stolpeliknande strukturar, 34 groper/gropliknande strukturar og 31 fyllskifte som ikkje kunne relaterast til bygningar eller andre erkjennbare samanhengar. Desse strukturane kan vere spor etter dårleg bevarte bygningar, innhegningar, eller anna.

Dyrkingsprofil



Fig. 75 A46 i nordlege profilvegg, felt 1. Sett mot NNV. Foto AH.

I felt 1 sin nordlege profilvegg var det bevart førhistoriske dyrkingslag under matjorda. I undergrunnen nærast profilen var det òg parallelle ardspar (A84). To sekvensar av profilen vart dokumentert. Den eine sekvensen inneheld kokegropa A46, datert til eldre romertid. Profilen her har 2-3 dyrkingshorisontar under A46, lag d, e og o. Desse må dermed vere eldre enn eldre romertid. Lag e og d kan korrelerast med den neste dokumenterte profilsekvensen, profil A. Lag o i profil A46 tilsvarar lag h, i og j i profil A.

I profil A er dokumentert 4-5 dyrkingsfasar under matjorda. I denne profilen kan det skiljast ut fleire fasar i lag o enn i seksjonen ved A46.

Datering

Botnlaget i profil A (lag C/D) er datert til 3510+/-40 BP, kalibrert BC 1940-1740, seinneolittikum/eldre bronsealder (Beta-293724).

Funn-nr	Funntype	Materiale	Tal	Mål	Skildring	Anlegg	Struktur	Kommentar	Felt	Dato	Sign
1	jernfrgm	jern	1	st.l. 2,6 cm	avlangt frgm, mulig nagleled	grop	69	opprens	1	01.04	sd
2	kjernefrgm	flint	1	st.l. 3,2 cm			0	løsfunn	1	01.04	sd
3	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 2,3 cm	mulig bruksslitasje på ei side		0	løsfunn	1	01.04	øra
4	keramikkskår		1	st.mål 4,0 cm, t. 0,8 cm	asbestmagra		0	løsfunn	1	02.04	hh
5	nagle	jern	1	st.l. 4,4 cm, diam hode 1,9 cm	hodet er noe kantete, kan ha vært rundt	grop	69	opprens	1	02.04	ah
6	slagg		1	17,88 g		grop	69	opprens	1	02.04	ah
7	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 2,5 cm	mulig bruksslitasje på en side		0	løsfunn	1	02.04	hh
8	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 1,3 cm		kokegrop	72	opprens	1	03.04	øra
10	slagg		1	36,68 g		kokegrop	70		1	03.04	ah
11	avslag	bergkrystall	1			grøft	109	opprens	1	04.04	mkø
12	avslag, makro	flint	1	st.l. 4,6 cm			0	løsfunn	1	08.04	mkø
13	hasselnøttskall		6	0,05 g	6 små fragmenter	kokegrop	70	snitt	1	03.04	ah
14	dyretann		1	3,84 g		røysrest	385	utkant, opprens	1	08.04	hh
15	avslag, vanlig, retusjert	flint	1	st.mål 1,6 cm		røysrest	385	utkant, opprens	1	08.04	hh
16	avslag, makro	kvartsitt	1	st.l. 4,7 cm	grå, båndet		0	løsfunn	1	07.04	hh
19	keramikkskår		2	st.mål 1,6-2,4 cm, t. 0,4 cm	kvarts/sandmagra, svartglitta	hus Z	289	opprens	1	10.04	mkø
20	keramikkskår		1	st.mål 1,3 cm, t. 0,3 cm	kvarts/sandmagra, grå/bleik raudleg farge	grop	69		1	09.04	ah
22	slagg		1	3,95 g	el svært korrodert jern	hus Z	289	SV kv	1	10.04	mkø
23	utgår	stein			natur	grop	69		1	10.04	ah
28	ovnsforing	leire/slagg	1	3,90 g		hus Z	289	SV kv	1	11.04	mkø
29	keramikkskår		6	st.mål 1,4-2,8 cm, t. 0,1-1,0 cm	kvarts/sandmagra, grå/gulaktig. 1 rand/bunnskår	hus Z	289	SV kv	1	11.04	mkø
30	kleberfrgm		1	st.mål 3,0 cm		hus Z	289	SV kv	1	11.04	mkø
31	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,4 cm		hus Z	289	SV kv	1	11.04	mkø
37	avslag, makro, retusjert	flint	1	st.mål 5,7 cm		hus A	121	profil	1	14.04	øra
39	br leire		2	0,80 g	tegl	352 er et rotmerke	352	overflate/352 utgår	1	15.04	ah
48	avslag/bit	flint	1	st.l. 1,9 cm		kokegrop	242	opprens	1	17.04	øra
50	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.l. 2,5 cm	Siggjorhyolitt	hus E fase 2	170	opprens	1	17.04	øra
51	bit	bergkrystall	1	st.mål 2,5 cm	slåtte felt, mulig kjernefragment	kokegrop	41	opprens	1	18.04	øra
53	avslag, flekkelign	bergkrystall	1	st.mål 1,0 cm			0	løsfunn	1	18.04	hh
84	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,3 cm			0	løsfunn	1	02.05	ah
89	kleberkarskår		1	st.mål 7,0 cm, st. tykkelse	bukskår	hus W	12	snitt	1	13.05	ebu

Funn- nr	Funntype	Materiale	Tal	Mål	Skildring	Anlegg	Struktur	Kommentar	Felt	Dato	Sign
				1,5 cm							
101	avslag	flint	1	st.mål 0,5 cm	distalende	stolpe	135	opprens	1	15.05	ah
102	avslag, vanlig	flint	1	st. mål 3,3 cm	bruksslitasje	stolpe	135	snitt bunn	1	15.05	ah
105	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 2,5 cm	brent. Mulig bruksslitasje		0	opprens N i felt 1	1	16.05	hh
106	glassbit		1	st.mål 2,4 cm	flat bit m/rand. Uviss alder	fylleskifte	349	topp	1	16.05	ebu
133	kleberkarskår		1	st.mål 8,4 cm, t. 0,5 cm		grop	632	snitt	1	27.05	sd
135	keramikkskår		1	st.mål 2,1 cm, t. 0,5 cm	kvarts/sandmagra, svartglitta innside, raudleg utside (skallar av)	hus H	294	ca 10 cm dybde	1	27.05	ebu
161	br bein		3+	0,21 g		kullflekk	132		1	29.05	hh
162	br leire		2	0,80 g		hus H	387	opprens	1	29.05	ebu
167	skiferfrgm, bearbeidet	skifer	1	st.l. 3,8 cm, b. 1,3 cm	avlangt frgm m/2 hakk nær ene enden	hus E fase 2	170	opprens	1	29.05	hh
206	avslag	flint	1	st.mål 2,2 cm			0		1	02.06	ebu
218	brynefrgm	kvartsitt	1	l.4,7 cm, b. 1,6 cm	avknekt bit med 1 slipt side		0	opprens	1	03.06	sd
233	avslag	flint	1	st.mål 2,3 cm	mulig kjernefrgm		0	opprens	1	03.06	hh
360	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 2,5 cm			0	løsfunn v/A 639	1		
361	avslag	flint	1	st.mål 3,8 cm	knusespor		0	løsfunn jordbunker	1	12.06	sd
362	kleberkarskår		4	st.mål 2,7-4,0 cm, t. 1,2-1,4 cm	bukskår, forvitret	hus W	12	snitt, f. v/prøvetaking og prøvebehandl	1	10.06	hh
363	slipestein	kvartsitt	1	st.mål 10,1 cm	fragment, slipt på 1 side	hus X	134	snitt, funne v/prøvetaking. Hus X	1	30.05	hh
370	avslag, mikro	kvartsitt	1	st.mål 0,5 cm	grå	grop	69		1	09.04	ah

Fig. 76 B16513 funn felt 1, tabell

Resultat felt 2

Felt 2 ligg lengst vest i planområdet, og utgjør 864 kvm. Feltet ligg i hellande sørvestleg skråning om lag 7-10 m o.h. Det vart definert 80 strukturar på feltet og dokumentert 3 bygningar; hus P, hus Q og hus V. Terrenget er slakare der bygningane er plassert. Det er påvist minst 3 produksjonsanlegg frå vikingtid/tidleg mellomalder, 4 kokegroper, dyrkingsspor datert til førromersk jernalder/romertid og mellomalder, og 9 stolpehol, 11 groper/gropliknande strukturar og 5 fyllskifte som ikkje kan relaterast til nokon erkjennbar samanheng.




Fig. 77 Bygningar, produksjonsanlegg og kokegroper i felt 2

Bygningar frå yngre jernalder og mellomalder

I felt 2 vart det påvist 3 små bygningar. Hus P og Q er einskipa, med tak- og veggstolpar langs vegglinjene i huset. Desse to bygningane synest å ha stor grad av samtidighet, basert på stratigrafiske tilhøve og c14-dateringar. Hus V består av 4 takberande stolpar, som ein treskipa konstruksjon. Ettersom hus V og hus Q overlappar må det vere minst 2 fasar i bruken av husa. Lengda på husa er om lag 4-5 m, breidda er om frå lag 2,5-3 m og opptil 4,5 m. Ut frå nærleik til produksjonsanlegg, nærleik til det historiske klyngetunet og størrelse på husa er bygningane oppfatta som verkstadbygningar. Funnmaterialet gir ikkje ei konkret forklaring på kva aktivitet området har blitt nytta til, men smiing eller liknande er ei sannsynleg forklaring. Produksjonsanlegga som ligg like sør for hus P viser teikn til å ha blitt gjenbrukt, i form av stratifisert masse i anlegga.



Fig. 79 Felt 2, oversikt over bygningar og produksjonsanlegg etter snitting av strukturar. Sett mot N. Foto HH.




Fig. 80 Hus P plan.

Hus P

Hus P er einskipa og orientert N-S. Huset er 5 m langt og 4,5 m breitt, og består av 10 stolpar som har bære både taket og veggen. Forma er rundoval med svungne sider. Stolpen A401 er trekt inn nærmare midten og høyrer òg sannsynleg til hus P, denne kan ha fungert som ekstra støtte for taket, eller ha hatt ein anna funksjon. Rundt huset går to grøfter, ei på S-sida (A487) og ei på V-sida (A402). To små groper inne på husflata (A465 og A466) kan vere forbunde med verkstadaktivitet inne i huset.

Datering

To stolpehol frå hus P er c14-datert.

A477 er datert til 980+/-40 BP, AD 990-1160, vikingtid/tidleg mellomalder (Beta-249058).

A478 vart datert på registreringa, til 1105+/-35 BP, AD 895-990, vikingtid (Tua-4841, Rapport 15, 2004: 25).

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fill	kommentar
402	grøft	hus P	avlang			5	45	rund	rund	oransje og brun grus	2 profiler dokumentert, største mål er oppgitt i tabellen
487	grøft	hus P	avlang			20	29	skrå	flat	gråbrun grus	2 snitt
403	stolpe	hus P				38	40	rett	rund	gråbrun sand	
462	stolpe	hus P	rund	26	25	14	30	rett	flat	mørk gråbrun sand	rotspor i botn
463	stolpe	hus P	rund	29	27	48	32	rett	rund	mørk gråbrun sand	stolpeavtrykk
464	stolpe	hus P	rund	29	28	23	12	rett	flat	mørk gråbrun sand	stolpeavtrykk
467	stolpe	hus P	rund	32	30	30	24	rett	rund	gråbrun grus/sand	steinskoning
474	stolpe	hus P	rund	23	23	36	24	rett	flat	mørk gråbrun sand, litt spetta	muleg stolpeavtrykk
476	stolpe	hus P	rundoval	31	31	38	34	rett	flat	mørk brun humusblanda silt, småstein	
477	stolpe	hus P	rund	38	36	44	30	rett	flat	mørk gråbrun sand	muleg stolpeavtrykk. Datert AD 990-1160.
478	stolpe	hus P	rund	21	20	26	22	rett	flat	Brungrå sand (topp/botn), lys gulbrun spetta (midt)	skoningsstein i topp? Muleg stolpeavtrykk. Snitta på registrering
495	stolpe	hus P	oval	40	30	34	30	rett	flat	mørk brun humusblanda silt, småstein	
460	stolpe	hus P?	rund	10	9	16	8	rett	rund	gråbrun sand/grus	

Fig. 81 Strukturar i hus P, tabell.



A403 (foto 22-12, SD)



A476 (foto 18-07, AH)



A463 (foto 17-09, SD)



A495 (foto 18-16, SD)



A474 (foto 17-14, SD)



A467 (foto 18-33, SD)



A478 (foto 17-18, SD)




Fig. 83 Hus Q plan.

Hus Q

Hus Q ligg rett N for hus P. Hus Q ser òg ut til å vere einskipa, og er orientert N-S. Huset er 3,7 m langt og 3,4 m breitt, og består av 10 stolpar som har bore både taket og veggen. Forma er rektangulær, og på V-sida av huset ligg ei grøft. To groper inne i huset, A468 og A472, kan tilhøyre hus V eller hus Q, og vere forbunde med verkstadaktivitet.

Datering

Stolpeholet A463 er datert til 1020±40 BP, kalibrert AD 970-1040/1100-1120, vikingtid/tidleg mellomalder (Beta-293730).

Gropa A472 er c14-datert til 1010±40 BP, AD 980-1050/1090-1130/1140-1140, vikingtid/tidleg mellomalder (Beta-257543).

Dateringane er samtidig som A451 og eine dateringa frå hus P (A477). Dersom A472 høyrer til i hus Q kan dateringane underbygge at hus P og hus Q har vore i bruk tilnærma samtidig.

Hus Q overlappar ikkje med hus P, dette indikerer at dei to bygningane kan ha vore i bruk samtidig. På V-sida går ei grøft ut frå midtpartiet der hus P og Q treffest (sjå fig. 77). Grøfta kan dermed ha fungert som drenering av arbeidsområdet.

struktur	type	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fill	kommentar
438	stolpe	rundoval	38	35	30	37	skrå	flat	mørk brun humusbl silt, spr kull	steinskoning
498	stolpe	rundoval	52	46	17	38	skrå	flat	mørk brun humusbl silt	
454	stolpe	rund	18	18	14	17	rett	flat	gråbrun gruset/sandet	
500	stolpe	rundoval	40	38	40	30	skrå	flat	mørk brun humusbl silt	steinskoning
473	stolpe	oval	58	38	30	36	skrå	flat	mørk brun humusbl silt	steinskoning
436	stolpe	rundoval	46	42	30	34	skrå	flat	gråbrun gruset/sandet	
433	stolpelign	oval	40	26	14	28	skrå	skrå	mørk brun humusbl silt, mye småstein	
410	stolpe				31	26	rett	rund	mørk gråbrun sandet	
434	stolpelign	rund	30	30	13	24	skrå	flat	mørk brun humusbl silt	
497	stolpe	rund	36	32	32	31	rett	skrå	mørk brun humusbl silt	
468	grop	oval	68	58	20	66	rund	annet	mørk gråbrun kullholdig sandet/gruset	evt. stolpelign. Asymmetrisk runda bunn.
472	grop	rund	108	100	40	106	rund	flat	mørk gråbrun sandet i topp, svartgrå kullhold i bunn	trolig produksjonsanlegg

Fig. 84 Strukturar i hus Q, tabell.



A454 (foto 18-06, SD)



A436 (foto 18-26, SD)



A500 (foto 19-13, AH)



A433 (foto 22-08, AH)



A434 (foto 19-02, AH)



A410 (foto 23-33, SD)



A497 (foto 19-05, AH)



A438 (foto 18-27, SD)




Fig. 86 Hus V plan.

Hus V

Hus V består av fire stolpar, og er tolka som ein treskipa bygning orientert NNV-SSØ. Stolpane dannar to par med ein avstand på 1,5 og 1,7 m, i lengderetninga er avstanden 2,5 og 2,6 m. Orienteringa er dreia mot NV i høve til hus Q. Produksjonsanlegget A472, eventuelt òg A468, nemnt tidlegare under hus Q, kan høyre til denne fasen. Viss så er tilfelle kan hus V ha fungert som eit enkelt overbygg for desse anlegga.

Datering

Det er samla inn prøvar frå tre av stolpehola i hus V, ingen av desse er c14-datert. Det er dokumentert to fasar i produksjonsanlegga (sjå nedanfor), der den stratigrafisk yngste er samtidig med hus P, vikingtid/tidleg mellomalder. Det er dermed muleg at hus V relaterer seg til den eldste bruksfasen til produksjonsanlegga.

struktur	folking	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fill	kommentar
453	stolpe	oval	102	62	24	60	runde	anna	gråbrun gruset/sandet	Forstyrra i S ende, lengde i plan er dermed usikker. Assymetrisk runda botn
470	stolpe	oval	38	24	18	38	skrå	flat	mørk brun humusbl silt	
490	stolpe	rund	42	40	30	34	skrå	flat	gråbrun gruset/sandet	
492	stolpe	rundoval	33	29	25	34	runde	flat	gråbrun sandet/gruset	

Fig. 87 Strukturar i hus V, tabell.



A453 (foto 18-11, SD)



A490 (foto 18-23, SD)



A470 (foto 22-03, AH)



A492 (foto 19-03, SD)

Produksjonsanlegg

Like sør for hus P ligg 3 store groper tolka som ei form for ovnsanlegg: A432, A451 og A488. I plan framsto anlegga som store nedgravingar/fyllskifte med relativt homogen trekolhaldig grå silt/sand. Snitt av strukturane viste at fyllmassen i 2 av anlegga er stratifisert, noko som kan indikere gjentatt bruk.

struktur	type	form i flate	lengde flate	breidde flate	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fill	kommentar
432	grop				106	208	runde	rund	stratifisert, sjå teikn. 28	sekundær til 451
451	grop	rundoval			84	138	skrå	rund	stratifisert, sjå teikn. 28	
488	grop	rundoval			72	280	runde	rund	mørkbrun humusbl silt, kolhaldig, sjå teikn. 28	

Fig. 89 Produksjonsanlegg felt 2, tabell.

Datering

A451 er datert til 1000+/-50 BP, AD 970-1160, vikingtid/tidleg mellomalder (Beta-249037). Dette er samanfallande med datering av hus P.

A451 og A488 er forbunde av ei 50 cm lang grøft og er dermed tolka som samtidige. A432 er stratigrafisk yngre enn A451.

Tolking

Tidsramma for anlegga og dei tre bygningane synest godt belagt til vikingtid/tidleg mellomalder av c14-dateringar. Stratigrafiske tilhøve tilseier at det er representert i alle fall 2 fasar i aktiviteten knytt til produksjonsanlegga og bygningane. Dateringsresultata saman med lokaliseringa av produksjonsanlegga i høve til bygningane indikerer at anlegga og husa er forbunde med kvarandre, sannsynleg ved ei form for verkstadaktivitet. Det er nærliggande å tru at dette dreier seg om smiing eller liknande.




Fig. 90 A451 og A432, profilar sett mot V. Foto 23-09/10, AH.

Kokegroper

Utanfor husa i felt 2 ligg det fire kokegroper: A439, A479, A484, A489. Kokegropene ligg ikkje i konflikt med kvarandre eller nokon av bygningane. Dei kan dermed vere relatert til verkstadaktiviteten frå yngre jernalder og mellomalder, og/eller vere relatert til tidlegare aktivitet. Ingen av kokegropene er c14-datert.

struktur	type	form i flate	lengde flate	breidde flate	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	yll
439	kokegrop	rundoval	134	124	30	137	runde	rund	mørk brun humusblanda silt, mykje stor stein. Kol i botn.
479	kokegrop	rund	58	52	14	54	runde	rund	mørk gråbrun sandet m/skjørbrent stein. Kol mot botn.
484	kokegrop	rundoval	110	102	30	75	skrå	flat	mørk svart gråbrun sandet m/kol og skjørbrent stein
489	kokegrop	rundoval	90	80	22	86	runde	rund	svartgrå sand/grus m/skjørbrent stein, kol i botn.

Fig. 91 Kokegroper felt 2, tabell.

Stolpehol og groper med ukjent funksjon

I felt 2 vart det påvist 9 stolpehol/stolpeliknande strukturar, 11 groper/gropliknande strukturar og 5 fyllskifte som ikkje kunne relaterast til erkjennbare samanhengar. Desse strukturane kan vere spor etter dårleg bevarte bygningar, innhegningar, eller anna. Ingen av desse strukturane er c14-datert.



Fig. 92 Kokegrop A439 plan, foto 23-31.

Dyrkingsprofil A713

I vestlege del av felt 2 var det bevart førhistoriske dyrkingslag. Under matjorda kunne det skiljast ut to tjukke trekolhaldige lag. Datering frå botn og topp av profil A713 gav dyrkingsaktiviteten ei dateringsramme frå førromersk jernalder/eldre romertid til høgmellomalder. Botanisk prøvemateriale viste vidare indikasjonar på korndyrking, beite og slått i heile dette tidsrommet. For profildeikning og skildring sjå vedlagt paleobotanisk rapport.

Datering

Toppen av lag C er datert til 850+/-40 BP, kalibrert AD 1050-1090/1130-1140/1140-1260, tidleg/høgmellomalder (Beta-253026).

Botnen av lag E er datert til 1950+/-40 BP, BC 40-AD 130, førromersk jernalder/eldre romertid (Beta-253018).




Fig. 93 Dyrkingsprofil, felt 2

Funn B16510

Funnmaterialet frå felt 2 består mellom anna av ein bit av ei bakstehelle (funn-nr. 47), ein slipestein (funn-nr. 33), ein flateretusjert pilspiss av flint (funn-nr. 21), avslag, ei kjerne av rhyolitt, slagg og brente bein. Dei fleste funna er lausfunn, tre av avslaga er funne i strukturar, og dei brente beina er funne i dyrkingslag.

Slagget er truleg relatert til verkstadaktivitet i vikingtid/mellomalder eller nyare tid. Reiskaps- og avlagsmateriale av flint og bergart må vere forbunde med tidlegare aktivitet i området.

Funn-nr	Funntype	Materiale	Tal	Mål	Skildring	Anlegg	Struktur	Kommentar	Felt
21	pilspiss	flint	1	l.2,5 cm, base 1,1 cm	flateretusjert, konkav basis. Spissen manglar, truleg skuddskade		0	opprens av dyrkn.lag	2
27	avslag/bit	flint	1	st.mål 2,1 cm	m/cortexrest		0	løsfunn, tømming av reg.sjakt IV, felt 2	2
17	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.l. 1,1 cm	Siggjorhyolitt		0	løsfunn	2
26	avslag, makro	kvartsitt	1	st.l. 5,3 cm	hvit		0	løsfunn, tømming av reg.sjakt IV, felt 2	2
32	br bein		1	0,21 g		dyrkningsrest	455		2
33	slipestein		1	st.mål 13,5 cm			0	løsfunn, tømming av reg.sjakt IV, felt 2	2
34	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 3,2 cm			0	opprens	2
35	kjerne m/2 plattformer	rhyolitt	1	st.l. 6,8 cm	Siggjorhyolitt. Atypisk kj m/1 plf som sylindrisk flekkeblokk, 2.plf som TM type m/skarp kantvinkel		0	opprens	2
38	br bein			0,60 cm		dyrkningsrest	455	overflate	2
40	br bein		1	0,24 g		dyrkningsrest	455		2
41	br bein		1	0,30 g		dyrkningsrest	455		2
42	avslag/bit	flint	1	st.mål 1,5 cm	brent		0	løsfunn, opprens felt 2	2
43	keramikkskår		1	st.mål 3,7 cm, t. 0,3 cm	rødgods, svart på utsida. MA/etterref		0	løsfunn	2
44	slag		1	24,01 g			0	løsfunn, opprens	2
46	syl?	jern	1	l. 10,5 cm, st. diam 1,2 cm		MA/nyere tid	449	MA/nyere tid	2
47	bakstehelle	kleber	1	st.mål 26,5 cm, t. 2,5 cm	frgm m/riller på ei side		449	MA	2
70	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,6 cm		hus P	467		2
76	kleberfrgm		1	st.mål 6,1 cm		Produksjonsanlegg	472		2
77	kleberfrgm		1	st.mål 4,4 cm	kleberfrgm m/hull, trolig fra et vevlodd eller fiskesøkke		0	løsfunn fra jordbunker	2
78	avslag, vanlig, retusjert	flint	1	st.mål 2,7 cm			475	475 utgår	2
79	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 3,2 cm	patinert, muleg bruksspor	hus Q	473		2

Funnr	Funntype	Materiale	Tal	Mål	Skildring	Anlegg	Struktur	Kommentar	Felt
81	avslag	kvartsitt	1	st.mål 2,0 cm	muleg retusjert				2
82	avslag, vanlig, retusjert	bergkrystall	1	st.mål 1,8 cm			445	445 utgår	2
83	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 3,1 cm	muleg retusjert	produksjons anlegg	451	topp	2
85	avslag, makro	rhyolitt	1	st.mål 7,2 cm	Siggjorhyolitt		0	løsfunn	2
266	avslag, flekkelign	flint	1	st.l. 3,0 cm	retusj/bruksslitasje langs begge langsidenene. Også skader på distalenden	dyrkningsrest	455		2
365	keramikkskår		1	l.4,8, st. diam 2,1 cm	rødgods, tut til stjerterpote?		485	485 utgår	2
366	avslag	kvartsitt	1	st.mål 3,2 cm	vannrulla el. anna slitasje		485	485 utgår	2
367	jernfrgm		2	st.mål 3,8-5,9 cm	1 bøyd frgm og et avlangt ubestemt		449	MA/nyere tid	2
368	keramikkskår		3		glasert, 1 bunnskår, MA/etterref		449	MA/nyere tid	2

Fig. 94 B16510 funn felt 2, tabell.

Resultat felt 3

Felt 3 ligg midt i den undersøkte delen av planområdet, og strekker seg ut til terrassekanten i vest. Avdekkta flate utgjer 1603 kvm, og det vart definert 134 strukturar på feltet.

Funnmaterialet frå felt 3 omfattar eit gardsanlegg frå yngre bronsealder/førromersk jernalder/romertid, bestående av 2-3 bygningar (hus L, hus M, hus Y) og ei innhegning (innhegning O). Det er vidare påvist eitt treskipa langhus frå folkevandringstid (hus N), dyrkingsspor frå seinneolittikum til eldre jernalder (profil A714), eit offerfunn eller ei grav frå seinneolittikum og dyrkingsspor (profil A501), og ein gravhaug frå yngre romertid/folkevandringstid (A581).




Fig. 95 Oversikt felt 3.



Gardsanlegg frå yngre bronsealder/eldre jernalder

To langhus (L og M) og ei innhegning (O) gir eit klart inntrykk av å vere plassert i relasjon til kvarandre, og dannar eit tun på sørsida. Bygningane og innhegninga må dermed knyttast til ei samtidig driftseining. Korvidt hus Y skal oppfattast å tilhøyre tunet er diskutabelt, då huset synest å komme i konflikt med hus L. Den sørlege avgrensinga av hus L er imidlertid diffus, og det kan dermed ikkje utelukkast at hus L og hus Y er samtidige. Paleobotanisk analyse viser at førekomsten av makrofossilar er større i hus L enn i hus M, noko som kan tilseie handtering eller lagring av før i hus L (sjå vedlagt paleobotanisk rapport). Handtering av før indikerer at ein del av huset kan ha fungert som fjøs. To stolpar på autsida av hus L kan oppfattast som restar av ei geil. Huset kan dermed ha hatt ein fjøsdel, noko som samsvarar med dei paleobotaniske resultatane.

Dateringsresultat frå hus L og hus M spenner i begge husa frå yngre bronsealder til tidleg eldre romertid. Totalt sett er det eit visst tidsmessig samanfall til førromersk jernalder mellom alle 3 bygningane. Innhegninga skil seg ut med yngre datering til eldre/ynge romertid. Lokaliseringa av innhegninga i høve til hus L og hus M tilseier likevel at innhegninga er relatert til bygningane. Sør for innhegninga ligg 2 eldstader som òg kan vere relatert til bruken av tunområdet.

For om muleg å avdekke aktivitetsmønster forbunde med tunområdet vart det føreteke fosfatkartering i eit areal på 492 kvm i felt 3. Utslaga er imidlertid vanskelege å relatere til bruken av husa og tunområdet (sjå vedlegg 6).




Fig. 97 Gardsanlegg frå yngre bronsealder/førromersk jernalder




Fig. 98 Hus L plan.

Hus L

Hus L er treskipa og orientert NNV-SSØ. Huset består av 7 takberande stolpepar og minst 16 veggstolpar. Den parvise avstanden mellom takstolpane er mellom 1,7 og 2,0 m. Vegglinjene i huset synest å ha vore svakt svungne, noko som gir huset ei største breidde på 5,5 m. Den sørlege avgrensinga av huset er usikker, men den totale lengda kan ha vore rundt 12,5 m eller lengre. Huset har 2 stolpar på rekke utanfor den austre veggen. Det er ikkje påvist sikre inngangar i huset, men dei 2 stolpane som ligg utanfor veggen leier sannsynleg mot ein inngang (sjå fig. 97). Det er muleg at desse stolpane representerer restar av ei geil.

Datering

To strukturar i hus L er c14-datert.

Veggstolpen A529 er datert til 2240 \pm 50 BP, BC 400-180, førromersk jernalder (Beta-249043).

Takstolpen A533 er datert til 2010 \pm 40 BP, BC 100-AD 70, førromersk jernalder/eldre romertid (Beta-249044).

Tolking

Det er ingen sikre indikasjonar på funksjonsinndeling i hus L, men mulege restar av ei geil og paleobotanisk materiale kan tyde på at huset har hatt ein fjøsdel. Førekosten av makrofossilar er størst frå midten av huset (A533 og A555) og sørvestover. Prøvemateriale frå

stolpehol viste forekomst av korn i form av bygg og kveite, og åkerugras. Dette kan indikere lagring eller handtering av fôr (sjå vedlagt paleobotanisk rapport).

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate, cm	breidde flate, cm	dybde prf, cm	breidde prf, cm	sider	botn	yll	kommentar
533	takstolpe	hus L	rund	18	17	14	22	skrå	flat	mørk gråbrun sandet, en del kull	
534	takstolpe	hus L	rund	27	25	28	28	rett	flat	mørk gråbrun sandet, lysere og spettet på sidene	stolpeavtrykk og steinskoning
535	takstolpe	hus L	rund	24	22	32	28	skrå	flat	blandet/spettet gråbrun	kolkonsentrasjon i plan, steinskoning
536	takstolpe	hus L	rund	18	18	20	20	rett	rund	gråbrun, mørk gråbrun sandet	stolpeavtrykk og steinskoning
544	takstolpe	hus L	rund	28	25	28	33	rett	rund	blandet/spettet gråbrun	kolkonsentrasjon i plan
549	takstolpe	hus L	rundoval	30	28	18	34	rund	flat	gråbrun sandet, litt grus, lys grå på S-siden	stolpeavtrykk
552	takstolpe	hus L	rund	25	25	21	27	rett	rund	mørk gråbrun sandet i topp, gråbrun under	steinskoning og stolpeavtrykk
553	takstolpe	hus L	rund	28	27	16	29	rund	flat	gråbrun sandet	
555	takstolpe	hus L	rund	22	20	34	24	rett	flat	mørk gråbrun sandet i topp, gråbrun ibl grus under	stolpeavtrykk
573	takstolpe	hus L	rund	27	26	19	29	skrå	rund	mellom gråbrun sandet	NØ side loddrett, botnen er skrå og går i eitt m/SV side. Steinskoning
666	takstolpe	hus L	rund			15	18	skrå	flat	mørk brun/brungrå sandet	
526	veggstolpe	hus L	oval	22	17	15	28	skrå	rund		steinskoning
527	veggstolpe	hus L	rundoval	23	21	20	35	rund	rund	mørk gråbrun sandet, lysere i nedgr på sidene	stolpeavtrykk
528	veggstolpe	hus L	oval	29	22	13	21	rund	rund	gråbrun sandet, litt br sand og kull i topp	steinskoning
529	veggstolpe	hus L	rundoval	25	21	24	24	skrå	rund	gråbrun sandet/gruset	
530	veggstolpe	hus L	rund	24	24	20	31	rund	flat	gråbrun sandet	stolpeavtrykk
531	veggstolpe	hus L	rundoval	24	21	19	27	rett	rund	gråbrun sandet	stolpeavtrykk
537	veggstolpe	hus L	oval	24	21	23	25	skrå	flat	gråbrun, mørk gråbrun sandet	
538	veggstolpe	hus L	rund	20	21	11	20	rund	rund	gråbrun, mørk gråbrun sandet	steinskoning
539	veggstolpe	hus L	oval	23	18	14	20	rund	rund	gråbrun, mørk gråbrun sandet	
540	veggstolpe	hus L	oval	32	22	19	29	rund	rund	mørk gråbrun sandet, kull og br sand	steinskoning
542	veggstolpe	hus L	oval	40	22	7	22	rund	flat	mørk gråbrun sandet	stor stein i botn
554	veggstolpe	hus L	rund	21	20	19	25	rett	skrå	mørk gråbrun sandet	
569	veggstolpe	hus L	rund	25	25	14	20	rett	rund	mørk gråbrun sandet	
574	veggstolpe	hus L	rund	10	10	9	13	skrå	rund	mellom gråbrun	

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate, cm	breidde flate, cm	dybde prf, cm	breidde prf, cm	sider	botn	yll	kommentar
										sandet	
599	veggstolpe	hus L	rund	24	23	16	34	rund	flat		stolpeavtrykk og steinskoning
545	stolpe	hus L/N	rund	21	19	24	21	rett	rund	brungrå sandet	steinskoning
547	stolpe	hus L/N	rundoval	21	19	17	21	skrå	flat	mørk gråbrun sandet	
594	yllskifte	hus L?	rektangulær	25	16	3	18	rund	flat	gråbrun sandet	
673	yllskifte	hus L?	rundoval	19	18	4	16	rund	rund	mørk brun/brungrå sandet	
541	groplign	hus L?	rundoval	23	21	5	21	rund	rund	gråbrun sandet	
550	groplign	hus L?	oval	34	27	5	28	rund	rund	mellom gråbrun sandet	
525	stolpe	hus L?	oval	58	52	26	42	rund	flat	gråbrun oransje spettet, gruset mot bunn	
675	veggstolpe	hus L?				26	46	skrå	skrå	mørk brun sand, grus, småstein	

Fig. 99 Strukturar i hus L, tabell.



A533 (foto 36-14, MØ)



A549 (foto 36-30, MØ)



A534 (foto 36-09, SD)



A552 (foto 36-32, MØ)



A535 (foto 35-26, SD)



A555 (foto 36-18, MØ)



A536 (foto 35-24, SD)



A573 (foto 32-26, SD)




Fig. 101 Hus M plan.

Hus M

Hus M er treskipa og orientert NNV-SSØ. Huset består av 5 takberande stolpepar og 13 veggstolpar. Den parvise avstanden mellom dei takberande stolpane er mellom 1,2 og 1,5 m. Den totale lengda av dei takberande stolpepara er 6,4 m, noko som gir ei total huslengde på opptil 9,4 m. Veggstolpane konsentrerer seg til langsidedene, som er tilnærma rette. Breidda er 4,0-4,5 m.

Datering

To strukturar i hus M er c14-datert.

A591 vart datert på registreringa, til 2000+/-75, BC 60-AD 80, førromersk jernalder/eldre romertid (T-17211, Rapport 15, 2004: 28).

A661 er datert til 2420+/-40 BP, BC 750-680/670-610/600-400, yngre bronsealder/førromersk jernalder (Beta-249050).

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fill	kommentar
512	veggstolpe	hus M	rund	21	20	14	21	skrå	rund	gråbrun lys og mørk spetta	
513	veggstolpe	hus M	rundoval		28	14	20	runde	rund	mørk humusbl	snitta på registrering
514	veggstolpe	hus M	rundoval	19	18	12	18	skrå	rund	gråbrun lys og mørk spetta, noko diffus	
515	takstolpe	hus M	rund	22	21	27	24	skrå	rund	gråbrun sandet	spisst merke i botn, mulig rotmerke eller ein eldre staur?
516	veggstolpe	hus M	rund	21	20	16	20	skrå	rund	brungrå gruset	
518	veggstolpe	hus M	rundoval	20	19	26	21	rett	flat	mørk gråbrun sandet	Stolpeavtrykk
519	veggstolpe	hus M	rund	22	21	23	22	rett	skrå	mørk gråbrun sandet	Stolpeavtrykk
575	takstolpe	hus M	oval			40	38	skrå	spiss	gråsvart sand, grus, småstein. Spr kol	
590	takstolpe	hus M	rundoval	26	24	34	36	skrå	flat	mørk gråbrun sandet	Stolpeavtrykk
591	takstolpe	hus M	rund	35		46	28	skrå	skrå	mørk gråbrun sandet	Stolpeavtrykk m/rett sider og flat botn. Snitta på registrering
592	stolpelikn	hus M									Sannsynlig veggstolpe
593	veggstolpe	hus M	oval	40	34	34	33	rett	skrå	lys spetta grå, gulbrun/gråbrun sandet	
656	veggstolpe	hus M				17	22	skrå	flat	mørk gråbrun sandet	mulig steinskoning
657	stolpelikn	hus M									Sannsynlig veggstolpe
658	takstolpe	hus M				44	26	runde	flat	mørk brun humusbl sand, spr kol	
659	veggstolpe	hus M				11	16	rett	rund	mørk gråbrun sandet	
660	takstolpe	hus M				30	21	skrå	rund	gråbrun sandet	
661	takstolpe	hus M				31	15	steil	rund	gråbrun sandet	
663	takstolpe	hus M				30	16	runde	rund	mørk brun humusbl silt	
664	stolpelikn	hus M				14	24	runde	rund	mørk humusbl sand, småstein, utflytande mot sidene	Sannsynlig veggstolpe
665	stolpelikn	hus M				12	21	skrå	rund	mørk humusbl, kol i topp	diffus og flekkete. Sannsynlig veggstolpe
697	stolpelikn	hus M									Sannsynlig veggstolpe
698	stolpelikn	hus M									Sannsynlig veggstolpe
662	stolpelikn	hus M?				14	26	skrå	rund	mørk brun humusbl silt, spr kol i topp	Indre stolpe/utskifting av 663?

Fig. 102 Strukturar i hus M, tabell.



A515 (foto 32-07, SD)



A658 (foto 59-21, EU)



A590 (foto 32-05, SD)



A663 (foto 59-29, EU)



A591 (foto 32-09, SD)



A660 (foto 56-15, SD)



A575 (foto 40-35, MØ)




Fig. 104 Innhegning O plan.

Innhegning O

Innhegning O er definert av 5 sikre stolpehol. I tillegg er påvist 6 stolpeliknande strukturar, groper og fyllskifte, muligens dårleg bevarte stolpehol som òg kan tilhøyre innhegninga. Medrekna dei usikre strukturane er innhegninga rundt 11,5 m lang og 6,4 m brei, og dekkar eit areal på rundt 64 kvm.

Datering

Stolpeholet A704 er c14-datert til 1830+/-40 BP, AD 80-260/300-310, eldre/ynge romertid (Beta-249051).

Tolking

Det kan ikkje fullstendig utelukkast at strukturane definert som innhegning representerer restar av ein bygning som er dårlegare bevart enn dei øvrige husa i feltet, men dette framstår ikkje særskilt sannsynleg. Innanfor anlegget si dateringsramme, yngre bronsealder/førromersk jernalder (dersom anlegget er samtidig med hus L og M) til eldre/ynge romertid (dersom c14-dateringa representer anlegget sin faktiske bruksfase), ville ein i utgangspunktet forvente ein treskipa konstruksjon dersom anlegget skulle oppfattast som ein bygning. Utbreiinga av strukturar i dette tilfellet indikerer ikkje ein gjenkjenneleg treskipa konstruksjon, ettersom det ikkje finst stolpar med plassering som tilseier ein takberande funksjon. Vanlegvis er takstolpane i treskipa hus større og djupare nedgravd enn veggstolpane, og dermed lettare

erkjennbare. Undergrunnen i denne delen av feltet besto av grusblanda silt, føresetnadene for å fange opp strukturar var dermed gode.

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde, prf,cm	sider	botn	fyll
699	stolpelikn	innhegning O	oval	42	30	20	52	skrå	rund	heterogen gråbrun sandete, mykje rotstriper
700	stolpehol	innhegning O	oval	28	34	34	28	skrå	flat	mørk brun sandbl humus
701	stolpehol	innhegning O								
703	stolpehol	innhegning O	rund	22	22	27	29	skrå	rund	gråbrun sandet grus, spetter av oransje grus
704	stolpehol	innhegning O	rundoval	28	26	25	25	skrå	rund	gråbrun sandet, flekk m/meir spetta masse
706	stolpehol	innhegning O	rund	21	21	14	22	skrå	flat	gråbrun sandet, diffus mot botn
707	stolpelikn	innhegning O				13	20	skrå	rund	mørk gråbrun sandet
587	grop	innhegning O?	oval	65	42	4	54	runde	rund	mørk gråbrun sandet, ein del kol i V
702	grop	innhegning O?	oval	54	38	20	42	rett	ujevn	mørk brun sandbl humus, kol i plan
705	fyllskifte	innhegning O?	oval	25	19	3				
708	grop	innhegning O?	rund	26	26	5	21	skrå	rund	mørk gråbrun sandet
709	grop	innhegning O?	oval			14	70	runde	flat	mørk svartbrun sandet, spr kol, litt lysare i top
710	fyllskifte	innhegning O?	rund	28	26	3				

Fig. 105 Strukturar i innhegning O, tabell.

Eldstader

Like S for innhegninga i felt 3 ligg 2 eldstader, A588 og A589. Det vart ikkje samla inn dateringsprøvar frå desse. Eldstadene kan vere samtidige med gardsanlegget frå førromersk jernalder, eller vere forbunde med anna aktivitet i området.

struktur	type	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fyll
588	eldstad	rund	54	52	9	54	runde	rund	svartgrå kolhaldig, lysare mindre kolhaldig i botn
589	eldstad	oval	48	36	8	36	runde	rund	svartgrå kolhaldig, lysare og mindre kolhaldig i botn

Fig. 106 Eldstader sør for innhegning O, tabell.




Fig. 108 Hus Y plan.

Hus Y

Tolkinga av hus Y er meir usikker enn dei øvrige husa i felt 3. Huset består av 2 muleg takberande stolpar og 3 fyllskifte som kan vere dårlegare bevarte stolpehol. Huset synest å vere treskipa og orientert tilnærma Ø-V. Avstanden i mellom A572 og A522 er 1,9 m, og mellom A521 og A668 1,47 m. Lengda mellom A520 og A522 er 4,3 m, det tyder på at huset si totale lengde kan anslåast til 6-7 m.

Datering

A522 er c14-datert til 2020+/-40 BP, kal BC 150-140/BC 110-AD 60 (Beta-257540), førromersk jernalder/eldre romertid.

struktur	type	anlegg	form i flade	lengde flate, cm	breidde flate, cm	dybde prf, cm	breidde prf, cm	sider	bund	fyll	kommentar
572	groplikt	hus Y?	rund	22	21	8	21	runde	flat	mørk gråbrun sandet	
522	stolpehol	hus Y	rund	23	23	15	32	skrå	flat	mørk gråbrun sandet	
521	stolpehol	hus Y	rund	44	42	16	38	skrå	flat	brungrå sandet, lysere mer spettet mot bunn	stein i bunnen
520	groplikt	hus Y?	rund	19	19	5	20	skrå	skrå	lys gråbrun sandet	

(Manglar 668 i tabell)

Fig. 109 Strukturar i hus Y, tabell.




Fig. 110 Hus N plan.

Hus N

Hus N er treskipa og orientert NNØ-SSV. Huset består av 5 takberande stolpepar, ei vegggrøft på Ø-sida, og indre stolpar med ukjent funksjon. 5 takberande stolpepar er sikre. Einskildliggande stolpar (A545, A597) i kvar ende av den austlege stolperekka indikerer at det har vore 1 stolpepar til i kvar ende av huset, det vil seie totalt 7 stolpepar. Utover vegggrøfta er det ikkje påvist andre spor etter veggkonstruksjon, heller ikkje tydelege inngangar eller eldstad. Avstanden mellom stolpepara i lengderetninga er 1,8-1,9 m i endane og opptil 4,4 m i midten av huset. Den totale breidda på bygningen er anslått til 5-5,5 m. Lengda frå første til siste stolpepar medrekna dei ufullstendige stolpepara er 14,90 m, dette gir ei total huslengde på rundt 18 m.

Mellom 3. og 4. stolpepar frå nordre ende av huset er eit utvida rom med 4,4 m lengde mellom stolpepara A570-561 og A568-567, dette skal sannsynleg oppfattast som ei form for bustadareale. I så tilfelle har det sannsynleg vore ein fjøsdel i eitt av enderomma, muligens i nord. Botanisk prøvemateriale frå hus N er ikkje undersøkt, det er heller ikkje påvist strukturar eller funnmateriale som kan belyse funksjonsinndeling i huset nærare. Stolpane A564 og A565 på austsida og A557-A560 på vestsida er sannsynleg innvendige stolpar i huset, konkret funksjon er imidlertid vanskeleg å avgjere.

Datering

Den takberande stolpen A568 er datert til 1500±60 BP, AD 420-650, folkevandringstid/tidleg merovingertid (Beta-249042).

Den takberande stolpen A584 er datert til 1580+/-40 BP, AD 400-570, folkevandringstid (Beta-293730).

Tolking

Langhus frå yngre romertid og folkevandringstid er relativt godt representert på arkeologiske undersøkingar på Vestlandet. Hus frå merovingertid er mindre vanleg, det typologiske samanlikningsgrunnlaget frå denne perioden er dermed begrensa. C14-dateringane frå hus N tilseier at dateringane skal ligge innanfor folkevandringstid. Det er undersøkt ei rekke lokaliteter med langhus frå yngre romertid/folkevandringstid på Vestlandet med bygningar av varierende størrelse. Lokaliteter samanliknbare med Skåla, i form av stor gard i historisk tid, førekomst av mange og/eller rike graver og etablering av mellomalderkyrkje, synest å indikere at det manglar eit større langhus frå yngre romertid/folkevandringstid på Skåla, muligens òg i lys av gardsnamnet. På samanliknbare lokalitetar som Rutlin og Kvåle i Sogndal, på Eide i Gloppen, Golvsengane, Myklebust i Nordfjordeid, Ålhus, Hegrenes i Jølster, Solvorn i Luster, Loen i Stryn og Aure i Sykkylven (Diinhoff og Hjelle 2003; Diinhoff 2009; Olsen og Tellefsen 2010, Haugen og Diinhoff *in prep*, Ringstad 2001) har det blitt dokumentert bygningar med lengde på 40-60 m. Bygningar av denne storleiken har blitt diskutert i lys av hallfunksjonar, storgardar og lokalisering av maktsentra. Hus N med lengde på 18 m skil seg dermed ut frå dette biletet. Det skal i denne samanhengen takast høgde for at gardstunet på Jensajordet kan ha blitt relokalisert til eit areal utanfor planområdet, då det topografisk er minst 3 stader nær Jensajordet som peiker seg ut som aktuelle for ein godt synleg større bygning. Det eine er arealet søraust for og topografisk samanhengande med Jensajordet, det andre er kyrkjeterassen, og det tredje Bjørke ovanfor kyrkja. På kyrkjeterassen, like vest for kyrkja, er det registrert ein lokalitet med busetnadsspor med dateringsramme frå eldre bronsealder til jernalder (Askeladden-ID 101797). C14-daterte strukturar der fell inn i bronsealder, men funnomstenda tyder på at det kan ha stått hus på staden òg i jernalder. Det er dog ikkje sikre indikasjonar på bygningar frå folkevandringstid (Kulturhistoriske registreringar, rapport 29). Det skal imidlertid takast høgde for at det undersøkte arealet der utgjer ein liten del av terrasseflata, og dermed på ingen måte utelukkar kyrkjeterassen for lokalisering av ein eventuell større bygning frå folkevandringstid.

Nylege undersøkingar tilseier imidlertid at tilknytninga mellom store bygningar, storgard og maktsentra i yngre romertid og folkevandringstid kan vere meir kompleks enn tidlegare antatt, då denne antatte relasjonen ikkje synest å forklare antal og lokalisering av større bygningar (sjå Diinhoff 2010). Dersom relasjonen mellom stor bygning og stor gard ikkje er openbar, har dette fleire mulege implikasjonar. Det kan dermed hevdast at ein stor innflytelsesrik gard ikkje nødvendigvis hadde ein bygning på den størrelse ein tidlegare har knytt til storgardar. Dette kan innebere at husstørrelse kan ha andre forklaringar enn størrelse på garden, hallfunksjonar og tilknytning til maktsentra. Mulege forklaringar kan vere driftsform, ressurstilgang utover jordbruk som utmarksressursar, eller anna.

struktur	type	anlegg	form i flate	lengde flate, cm	breidde _flat, cme	dybde prf, cm	breidde prf, cm	sider	botn	fill	kommentar
545	stolpe	hus L/N	rund	21	19	24	21	rett	rund	brungrå sandet	steinskoning
547	takstolpe	hus L/N	rundoval	21	19	17	21	skrå	flat	mørk gråbrun sandet	
551	grøft	hus N	avlang		44	12	52	rund	rund	mørk gråbrun sandet	heng saman med grop 556
562	stolpelikn	hus N	rund	27	26	20	24	rett	flat	gråbrun sandet i topp, lysere ibl grus i bunn	muleg stolpeavtrykk. Indre stolpe?
563	stolpelikn	hus N	rund	21	20	15	21	rund	skrå	mørk gråbrun sandet	indre stolpe?
564	stolpelikn	hus N	rund	17	16	12	23	rund	flat	mørk gråbrun sandet	Indre stolpe?
565	stolpelikn	hus N	oval	20	12	12	20	rund	rund	mørk gråbrun sandet	indre stolpe?
546	takstolpe	hus N	oval	50	44	22	34	rett	rund	lys grå sandet	steinskoning
561	takstolpe	hus N	rund	28	27	44	30	skrå	flat	gråbrun sandet	Steinskoning
567	takstolpe	hus N				40	38	skrå	rund	gråbrun sandet, steinete	steinskoning
568	takstolpe	hus N	rundoval		42	50	38	rett	rund	gråbrun sandet, litt grusspettet	steinskoning
570	takstolpe	hus N	rundoval	60	56	50	50	skrå	rund	gråbrun sandet, gruset, lysere og spettet mot bunn	steinskoning
577	takstolpe	hus N				46	30	rett	rund	gråbrun sandet, steinete	steinskoning
584	takstolpe	hus N	rundoval	23	20	22	17	rett	rund	gråbrun sandet	steinskoning
596	takstolpe	hus N	oval	24	21	15	19	skrå	rund	gråbrun sandet	steinskoning
597	takstolpe	hus N	oval	23	21	14	28	skrå	rund	gråbrun sandet	
674	takstolpe	hus N				18	52	skrå	rund	mørk gråbrun sandet	steinskoning
676	takstolpe	hus N				16	42	skrå	rund	mørk gråbrun sandet	
557	stolpe	hus N	oval	30	20	14	26	skrå	rund	lys grå sandet	
558	stolpe	hus N	rundoval			12	26	rund	rund		steinskoning
559	stolpe	hus N	rundoval	24	21	20	23	rett	rund	gråbrun sandet, lysere langs N-siden og bunn	muleg stolpeavtrykk. Stein i botn
560	stolpe	hus N	rundoval	23	20	18	20	rett	rund	gråbrun sandet i topp, lys gråbrun på N-side/bunn	stolpeavtrykk

Fig. 111 Strukturar i hus N, tabell.



A545 (foto 35-30, SD)



A561 (foto 37-14, SD)



A546 (foto 36-17, MØ)



A568 (foto 40-06, SD)



A547 (foto 36-24, MØ)



A584 (foto 40-18, SD)



A570 (foto 37-04, SD)



A577 (foto 59-11, SD)

Gravrøys frå eldre jernalder

Røys A581

Gravrøysa A581 var ikkje synleg på overflata og vart påvist ved avdekking i sørvestlege del av felt 3. Røysa har sannsynleg vore kjent tidlegare då eldre kjelder oppgir høgare tal på gravrøysar enn kva som er synleg på overflata i dag (sjå Fett 1956; Bendixen 1895). Røysa ligg fint plassert ute på terrassekanten om lag 20 m o. h, med godt utsyn mot fjorden.

A581 er ei jordblanda røys med delvis bevart fotgrøft, A580. Fotgrøfta er bevart rundt om lag halve røysa. På S- og V-sida er ikkje grøfta erkjennbar, røysa er òg noko utflytande der. Ut frå forma på den bevarte delen av grøfta ser røysa ut til å ha vore tilnærma rund med ein diameter på om lag 7 m. Høgda på røysa er 36 cm på det høgaste, dette er sannsynleg redusert i høve til opprinneleg høgde. Etersom røysa korkje var synleg på overflata eller hadde ei form som konsekvent kunne følgjast, vart den avdekka fullstendig for å avklare om det kunne dreie seg om ei gravrøys.



Fig. 113 A581 med utsyn mot fjorden (NV). Det kvite huset ytterst til høgre er Jensahuset, eitt av dei få framleis ståande husa frå klyngetunet på Skåla. Foto MØ.

Det vart oppretta eit lokalt koordinatsystem med x-akse aukande mot N og y-akse aukande mot Ø, og røysa vart teikna i målestokk 1:20. Heile den SV kvadranten vart gravd i kvadratmeterruter i mekaniske lag på opptil 10 cm. Gravinga avdekka eit ovalt steinsett kammer om lag midt i røysa, korav kammeret og rutene rundt vart vidare undersøkt. Totalt var 31 kvm gravd i kvadratmeterruter, inkludert 2 snitt i fotgrøfta. Kammeret var om lag 150 cm langt og opptil 80 cm breitt, orientert NØ-SV. Det var ikkje spor etter overdekke av kammeret, i form av dekkhelle eller liknande. Massen var lik i kammer og elles i røysa, beståande av homogen mørk brun humusblanda trekolhaldig silt, og steinar av varierende størrelse. Det var heller ikkje stratigrafiske skilje i massen vertikalt. Etter utgraving og dokumentasjon vart resten av røysmassen fjerna maskinelt. Det vart ikkje påvist ytterlegare strukturar i eller under røysa.



Fig. 114 Til venstre kammer etter fjerning av 10 cm masse, sett mot V. Til høgre røys A581 etter utgraving, sett mot NNØ. Foto MØ.

Fotgrøft A580

Fotgrøfta er opptil 1 m brei. Det vart gravd 2 snitt relatert til koordinatsystemet. Fyllmassen var mørk gråbrun siltblanda masse, med stadvis mykje trekol. I snitt 2 var det nevestore steinar i delar av botnen i snittet, dette var ikkje tilfelle i snitt 1. I den sørlege delen av grøfta var det einskilde flate steinar i plan. Desse gjekk ikkje ned i fyllmassen i grøfta og er sannsynleg sekundære i høve til denne.




Fig. 115 A580 snitt 1, profil sett mot N, og snitt 2, sett mot SØ. Foto EU.

struktur	type	form i flate	lengde flate,cm	breidde flate,cm	dybde prf,cm	breidde prf,cm	sider	botn	fyll	kommentar
580	grøft	avlang		100	14	138	skrå	flat	mørk gråbrun humusbl silt, småstein.	Fotgrøft rundt A581. Profil i snitt 2 er teikna. Nevestor stein i botn nokre stader. Nokre flate steinar i plan. Stadvis mykje kol.
581	gravrøys	rund	Diam 7m		42	390		flat	steinar og mørk brun humusbl silt, kolhaldig	

Fig. 116 Struktur A580 og A581, tabell.

Funn B16512

Det er samla inn funn frå kammer, fyllmasse i røysa og fotgrøfta. Totalt vart det funne 4 skår/bitar av grønt glas, herav 1 brent bit, 1 grønn glasperle, 1 bit smelta blått glas/glasfluss, 1 metallfragment, korrodert skal med avtrykk, muligens etter to pyntenagler, 13 nagler og nagledeler, korav 3 pyntenagler, 54 keramikkskår frå fleire forskjellige kar, 1 spinnehjul, 58 ubestemte jernfragment, 1 muleg kvartsittbryne, slagg, ovnsforing, brent leire, 2,87 gram brente bein, og avslag og reiskapsmateriale av flint, bergkrystall, kvarts, kvartsitt, rhyolitt og bergart. Funnmaterialet er spreidd rundt i massen. Dette saman med karakteren av funna tilseier at ein del av materialet er tilfeldig deponert med fyllmassen og dermed ikkje har noko med gravlegginga å gjere. Funnomstenda gjer det vanskeleg å identifisere funn som er sikkert gravgods, og funn som er sikkert redeponert.

Eit vevlodd vart funne i utkanten av røysa. I lys av busetnad tett ved er det uvisst kva relasjon vevloddet har til gravgodset. Spinnehjul kan tilseie at det dreier seg om ei kvinnegrav, såfremt dette tilhøyrer gravgodset. Berre delar av funnmaterialet er synleg brent, men dette kan indikere ei kremasjonsgrav. Glasbitar/skår (brent og/eller ubrent) og ei glasperle kan tilhøyre gravgodset, dog er desse funna spreidd i ulike delar av røysa. Det er funne keramikk som må tilhøyre fleire forskjellige kar, og det er tvilsomt at all keramikken er forbunde med gravlegging i røysa.

B16512/1-11 er funne i kammeret. Dette består av 1 bit smelta blått glas/glasfluss, 2 skår av grønnleg glas (ubrent), 2 jernnagler, herav 1 muleg pyntenagle, 1 metallfragment, korrodert skal med avtrykk, truleg etter 2 pyntenagler, 14 ubestemte jernfragment, 6 skår av klebermagra keramikk, 0,74 gram brente bein, 1 muleg kvartsittbryne, 59,22 gram jernslag, 32,11 gram brent leire, 7 avslag og bitar av flint, bergkrystall og kvartsitt.

B16512/12-28 er funne i fyllmassen i gravhaugen. Dette består av 1 grønn glasperle, 2 bitar grønt glas (den eine delvis brent), 6 jernnagler og nagledeler (korav to pyntenagler), 33 ubestemte jernfragment, 33 skår av klebermagra keramikk og 12 skår frå minst 3 andre kar, 1 spinnehjul av kleber, 1 vevlodd av bergart, 6 kleberfragment, 2,13 gram brente bein, 542,89 gram jernslag, 153,08 gram brent leire og ovnsforing, 0,21 gram hasselnøttskal. Vidare er det i fyllmassen funne 1 bergartsmeisel med ovalt tversnitt og avrunda nakkeparti, 2 kjerner og 1 kjernefragment av bergkrystall og kvarts, og 90 avslag og bitar av flint, bergkrystall, kvarts, kvartsitt og rhyolitt.

B16512/29-34 er funne i fotgrøfta. 5 jernnagler (ingen pyntenagler), 11 ubestemte jernfragment, 15,87 gram sintra slag, 16,98 gram brent leire, 0,4 gram brent bein og 15 avslag og bitar av flint og bergkrystall.

Keramikk

I kammeret og frå fyllmassen i haugen er funne totalt 53 keramikkskår, frå minst 5 forskjellige kar. 38 av skåra er klebermagra, 10 skår er magra med kvarts/sand (1 grovmagra), 2 asbestmagra og 3 skår med ubestemt magringsmateriale. Eitt klebermagra randskår er dekorert med 2 horisontale linjer, og er bestembart som muleg spannforna leirkar. Eitt klebermagra bukskår er av ubestembar "buplasstype". Eitt klebermagra skår er fra overgangen botn/vegg. Største mål er frå 0,9 til 4,9 cm, tjukkelse frå 0,1 til 0,7 cm. Mange av skåra er små av størrelse, og det er vanskeleg å avgjere korvidt fleire stammar frå same karet. Blandinga av ulike typar kar indikerer at ein del av keramikken er redeponert i massen og ikkje er forbunde med gravlegginga.

Datering av gravrøysa

A581 er ikkje c14-datert.

Distribusjonen av funn tilseier at røysa har vore utsett for forstyrring, sannsynleg i form av plyndring, dyrkingsaktivitet, eller òg muligens ei tidleg undersøking. Røysa sin forstyrta tilstand vanskeleggjer typologisk datering ut frå funnmaterialet, men ei datering til eldre jernalder synest sannsynleg.

Fotgrøfta A580 er c14-datert til 1290+/-50 BP, AD 650-870, merovingertid/vikingtid (Beta-249041). Dersom den spannforma keramikken tilhøyrer gravgodset samsvarar dette ikkje med c14-dateringa. Det er funne kun 1 skår identifiserbart som spannforma leirkar, det er dermed uvisst korvidt dette er forbunde med grava. Grøfta kan imidlertid ha stått åpen etter anlegging, og massen i grøfta kan dermed vere sekundær. Slagg og ovnsforing samla inn frå fotgrøfta og røysa indikerer at det kan ha vore eit ovnsanlegg eller liknande i nærleiken, og innblanding av trekol frå eit yngre anlegg er ei muleg forklaring på datering av fotgrøfta til yngre jernalder.



Fig. 117 Gravrøysa i felt 3 sett mot NØ. Fotgrøfta er synleg til høgre i biletet. Foto AH.

Funn- nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x- koor	y- koor	nivå
61	jernfrgm		1	l. 5,4 cm, b. 3,6 cm	bøylelign. Gjenstand, del av seletøy?	gravrøys	581	52	102	
62	jernfrgm		7	st.mål 0,9- 2,2 cm	flate frgm, ubestemte	gravrøys	581	50	102	
63	jernfrgm		3	st.mål 0,4- 1,3 cm		fotgrøft	580	46	96	
64	kjerne, bipolar	kvarts	1	st.l. 2,1 cm	hvit	gravrøys	581	50	99	
65	glassbit		1	st.mål 2,5 cm	mørk grønn, delv. Brent/smeltet	gravrøys	581	49	98	
66	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,0 cm	hvit, båndet	gravrøys	581	51	97	
67	bergkrystall	bergkrystall	1	st.l. 3,0 cm	prisme med knusespor	fotgrøft	580	45	98	
68	nagle	jern	1	l. 2,4, st.mål hode/plate 2,8 cm	hode el. Nitteplate	fotgrøft	580	45	98	
69	nagle	jern	1	l. 2,9 cm, st.mål hode/plate 2,7 cm	hode el. Nitteplate	fotgrøft	580	45	97	
71	br leire		1	13,46 g		fotgrøft	580			
72	jernfrgm		2	st.mål 3,3 cm	flatt jernfrgm, mulig del av redskap/beslag	fotgrøft	580			
73	jernfrgm		5	st.mål 1,0- 3,3 cm	mulige nagledeler	fotgrøft/røys	580			
74	kjerne m/1 plattform	bergkrystall	1	st.l. 3,0 cm	atypisk kjerne m/1 plattform og avspaltningar frå mikroflekker, tildanna av eit prisme	gravrøys	581			
75	br leire		1	3,27 g		gravrøys	581			
88	slagg		1	5,70 g	sintra	fotgrøft	580	52	95	
90	br leire		1	2,48 g	leirklining?	gravrøys	581	52	100	
91	jernfrgm		2	st.mål 1,4- 2,1 cm		gravrøys	581	50	100	
92	jernfrgm					gravrøys	581	50	98	
94	hasselnøttskall		1	0,08 g		gravrøys	581	51	102	
95	ovnsforing		1	20,23 g	delvis sintra	gravrøys	581	48	102	
96	avslag/bit	flint	1	st.mål 1,8 cm		gravrøys	581	48	98	
97	nagle	jern	1	st.mål 2,6 cm	hode el. Nitteplate	fotgrøft	580	46	97	
98	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,9 cm		fotgrøft	580	45	98	
100	nagle	jern	1	st.l. 6,2 cm, st.mål hode 2,7 cm	kan være nitteplate, virker rektangulær i formen	fotgrøft	580	48	95	
108	nagle	jern	1	st.l. 2,5 cm, diam hode 2,2 cm	rundt hode	fotgrøft	580			
109	br bein		1	0,40 g		fotgrøft	580			
111	avslag/bit	flint	3	st.mål 1,0 cm	1 mikrofl lign, 1 vanlig avsl, 1 bit	gravrøys	581	50	98	0-10 cm
112	nagle	jern	1	l. 3,6 cm, diam hode 2,0 cm	rundt hode	gravrøys	581	50	98	0-10 cm
113	kleberfrgm		1	st.mål 4,0 cm	ubearbeidet	gravrøys	581	50	98	0-10 cm
115	br leire		1	st.mål 2,2 cm		gravrøys	581	51	98	0-10 cm

Funnr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x-koor	y-koor	nivå
116	keramikkskår		1	st.mål 1,1 cm	kraftig klebermagra	gravrøys	581	50	99	0-10 cm
117	br bein		1	0,03 g		gravrøys	581	51	99	0-10 cm
118	nagle	jern	1	st.mål 1,5 cm	rektangulært hode/nitteplate	gravrøys	581	51	99	0-10 cm
120	keramikkskår		1	st.mål 2,1 cm, t. 0,7 cm	kvarts/sandmagra (grovt magringsmateriale)	gravrøys	581	52	99	0-10 cm
121	keramikkskår		1	st.mål 1,8 cm, t. 0,4 cm	svart, kvarts/sandmagra. Antydning til matskorpe	gravrøys	581	52	98	0-10 cm
122	jernfrgm		1	l. 2,1 cm	tynn stang, mulig stilk til nagle/spiker el del av nål	gravrøys	581	52	98	0-10 cm
123	avslag	flint	3	st.mål 0,8-1,0 cm	2 mikro, 1 vanlig	gravrøys	581	52	98	0-10 cm
124	br leire		2	2,54 g		gravrøys	581	52	98	0-10 cm
125	nagle	jern	1	l. 2,1 cm, diam hode 1,3 cm	pyntenagle	gravrøys	581	53	98	0-10 cm
126	avslag	bergkrystall	1	st.mål 1,1 cm	flekkelign	gravrøys	581	53	98	0-10 cm
127	avslag	bergkrystall	2	st.mål 0,8-0,9 cm	det ene bit fra et prisme	gravrøys	581	53	99	0-10 cm
128	avslag, mikro	kvartsitt	1	st.mål 0,8 cm	hvit	gravrøys	581	50	97	0-10 cm
129	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 1,1 cm	hvit	gravrøys	581	52	97	0-10 cm
130	jernfrgm		1	st.mål 1,8 cm		gravrøys	581	52	97	0-10 cm
131	avslag	flint	2	st.mål 0,4-1,1 cm	1 vanlig + 1 mikro (brent)	gravrøys	581	50	98	10-20 cm
132	keramikkskår		1	st.mål 1,3 cm, 0,70 g	kvarts/sandmagra, kan vere ovnsforing	gravrøys	581	50	98	10-20 cm
134	jernfrgm		2	st.mål 0,9-1,8 cm	det ene er noe slaggaktig	gravrøys	581	50	99	10-20 cm
136	jernfrgm		3	st.mål 0,6-1,5 cm		gravrøys	581	51	98	10-20 cm
138	keramikkskår		3	st.mål 1,0-1,5 cm, t. 0,3 cm	det største er klebermagra og raudgult på eine sida, dei to andre er kvarts/sandmagra	gravrøys	581	52	98	10-20 cm
139	br leire					gravrøys	581	51	99	10-20 cm
140	avslag					gravrøys	581	51	99	10-20 cm
141	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,2 cm	mulige knusespor	gravrøys	581	52	99	10-20 cm
142	br leire/ovnsforing		7	48,41 g		gravrøys	581	52	99	10-20 cm
143	vevlodd	bergart	1	l. 10,2 cm, 432,7 g	triangulær form, manglar eine hjørnet i trekanten	gravrøys	581	50	97	10-20 cm
144	avslag, vanlig/bit	bergkrystall	2	st.mål 1,1-1,2 cm		gravrøys	581	50	97	10-20 cm

Funnr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x-koor	y-koor	nivå
145	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.mål 1,2 cm	kan være mylonitt	gravrøys	581	50	97	10-20 cm
146	slag		2	5,27 g		gravrøys	581	51	97	10-20 cm
147	br leire		1	1,6 g		gravrøys	581	50	99	20-30 cm
148	keramikkskår		1	st.mål 0,8 cm, t. 0,5 cm	raudleg på ei side, svart på innsida, kvarts/sandmagra. Antydning til matskorpe/anna organisk	gravrøys	581	50	99	20-30 cm
149	avslag, vanlig/bit	flint	2	st.mål 1,0-1,4 cm		gravrøys	581	50	99	20-30 cm
150	slag		3	6,69 g		gravrøys	581	50	99	20-30 cm
151	keramikkskår		2	st.mål 0,8-1,5 cm, t. 0,3 cm	klebermagra, svart	gravrøys	581	50	98	20-30 cm
152	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 1,4 cm		gravrøys	581	50	98	20-30 cm
153	slag		3	3,40 g		gravrøys	581	50	98	20-30 cm
154	keramikkskår		2	st.mål 2,1-2,8 cm	klebermagra, mørk grå/grå. Trolig forskjellige kar	gravrøys	581	51	98	20-30 cm
155	avslag, mikro	bergkrystall	2	st.mål 0,6-0,8 cm		gravrøys	581	51	98	20-30 cm
156	slag		1	2,27 g	mulig frgm av ovnsforing	gravrøys	581	51	98	20-30 cm
157	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,8 cm		gravrøys	581	51	99	20-30 cm
158	br leire		2	1,71 g		gravrøys	581	51	99	20-30 cm
159	avslag, mikro	flint	2	st.mål 0,8-0,9 cm		gravrøys	581	51	98	20-30 cm
160	br bein		3	0,01 g		gravrøys	581	52	99	20-30 cm
163	nagle	jern	1	l. 1,9 cm, st.mål 1,7 cm	kan være en pyntenagle (hode vanskelig å bestemme formen på). F. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
165	br bein		1	0,01 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
166	glassbit		1	st.mål 1,1 cm, vekt 0,23 g	smelta blått glass/glassfluss. Funne i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
168	jernfrgm		1	st.mål 0,8 cm	rundt frgm, synest å innehalde br leire og sand i tillegg	gravrøys	581			
169	jernfrgm		3	st.mål 1,7-2,1 cm	1 krokliagn frgm	gravrøys	581	49	101	0-10 cm
170	br leire/ovnsforing		1	4,29 g	1 bit ovnsforing	gravrøys	581	49	101	0-10 cm
171	br bein		3	0,46 g		gravrøys	581	49	101	0-10 cm

Funnr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x-koor	y-koor	nivå
										cm
172	br leire		2	2,24 g		gravrøys	581	50	100	0-10 cm
173	avslag		1	st.mål 1,9 cm		gravrøys	581	50	100	0-10 cm
174	jernfrgm		7+	st.mål 0,3-3,1 cm	1 mulig nagledel (3,1 cm lang), resten er ubestemte frgm	gravrøys	581	50	100	0-10 cm
175	jernfrgm		1	st.mål 2,0 cm	flatt frgm	gravrøys	581	50	101	0-10 cm
176	keramikkskår		1	st.mål 3,2 cm, t. 0,5 cm	kvarts/sandmagra	gravrøys	581	50	101	0-10 cm
177	br bein		1	0,26 g		gravrøys	581	50	101	0-10 cm
178	avslag	flint	2	st.mål 0,7-1,4 cm	1 vanlig (frostsprengt) + 1 mikro	gravrøys	581	50	101	0-10 cm
179	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,5 cm		gravrøys	581	50	101	0-10 cm
180	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 1,2 cm	hvit. F. i kammer	gravrøys	581	49	99	0-10 cm
182	slagg		4	6,69 g	kan være 1 bit ovnsforing	gravrøys	581	49	98	0-10 cm
183	keramikkskår		2	st.mål 1,5-1,6 cm, t. 0,4 cm	det ene er klebermagr. Det andre er av finare gods, kvarts/sandmagra. Meir raudleg farge	gravrøys	581	49	98	0-10 cm
184	br bein		1	0,25 g		gravrøys	581	49	98	0-10 cm
185	mikroflekkefrgm	flint	1	l.0,6 cm, b. 0,3 cm	distalfrgm	gravrøys	581	49	98	0-10 cm
186	nagle	jern	13	st.mål 1,0-3,2 cm	6 nagledeler: 3 firkanta nittepl, 1 stilk, 1 hode/nitteplate + 7 ubestemte frgm	gravrøys	581	48	99	0-10 cm
187	bit	flint	1	st.mål 1,1 cm		gravrøys	581	48	99	0-10 cm
188	br/ubr leire		5	7,55 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
189	br bein		3	0,44 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
190	avslag/bit	flint	4	st.mål 0,6-1,7 cm	1 m/cortexrest. F. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
191	nagle	jern	1	l.4,8 cm, diam hode 2,0 cm	nagle m/rundt hode. F. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
192	nagle	jern	2	st.mål 1,2-2,1 cm	1 hode og 1 mulig stilk	gravrøys	581	48	101	0-10 cm
193	br bein		1	0,10 g		gravrøys	581	48	101	0-10 cm
194	avslag	flint	2	st.mål 0,5-1,0 cm	det største har mulig bruksslitasje	gravrøys	581	48	101	0-10 cm
195	keramikkskår		1	st.mål 4,9 cm, t. 0,8 cm	klebermagra, svart innside/raudgul utside "boplasskeramik (ikkje spanforma)"	gravrøys	581	48	101	0-10 cm
196	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,2 cm	brent	gravrøys	581	48	98	0-10 cm
197	spinnehjul	kleber	1	diam.3,5 cm, diam hull 1,2-1,4 cm, h. 1,7 cm	konisk m/flat underside	gravrøys	581	48	98	0-10 cm
198	slagg		2	2,43 g		gravrøys	581	48	98	0-10

Funnr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x-koor	y-koor	nivå
										cm
199	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 1,1 cm		gravrøys	581	48	98	0-10 cm
200	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,3 cm		gravrøys	581	50	100	10-20 cm
201	ovnsforing		1	0,46 g		gravrøys	581	50	100	10-20 cm
202	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,2 cm		gravrøys	581	50	100	10-20 cm
203	meisel	bergart	1	l. 7,9 cm, st.b. 2,6cm	SM type; ovalt tvsn. Slipt over hele overflaten, noe forv. Avrundet nakkeparti Eggen har noen hakk.	gravrøys	581	50	101	10-20 cm
204	avslag	flint	3	st.mål 0,9-2,1 cm	1 mikro, 2 vanlig	gravrøys	581	50	101	10-20 cm
205	br leire			17,32 g		gravrøys	581	50	101	10-20 cm
207	br leire		14	13,41 g		gravrøys	581	49	101	10-20 cm
208	br bein		3	0,25 g		gravrøys	581	49	101	10-20 cm
209	avslag	flint	4	st.mål 0,6-2,2 cm	2 mikro + 2 vanlig	fotgrøft	580			
210	avslag	bergkrystall	1	st.mål 1,2 cm	avslått bit av prisme	fotgrøft	580			
212	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,3 cm	bit m/knusespor/avspaltninger. F. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-20 cm
213	jernfrgm			st.mål 0,4-1,9 cm	flere naglehoder/deler + flere ubestemte jernfrgm. F. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-20 cm
214	keramikkskår		1	st.mål 1,6 cm, t. 0,3 cm	klebermagra, svart/grå. F. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-20 cm
215	br leire			24,14 g	leirklining el ovnsforing. F. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-20 cm
216	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.mål 2,0 cm		gravrøys	581	48	100	10-20 cm
217	br leire		5	1,65 g		gravrøys	581	48	100	10-20 cm
219	keramikkskår		1	st.mål 2,2 cm, t. 0,3 cm	klebermagra	gravrøys	581	48	101	10-20 cm
220	avslag/bit	bergkrystall	4	st.mål 0,4-1,3 cm	1 er mikrofl lign	gravrøys	581	48	101	10-20 cm
221	keramikkskår		5	st.mål 1,2-3,4 cm. T. 0,3-0,5cm	3 klebermagra, 2 ubestemt. 1 med dekor (2,8 cm), 2 hor. linjer. Grå/svart (spannforma leirkar).	gravrøys	581	50	99	10-20 cm
222	br bein		1	0,12 g		gravrøys	581	50	99	10-20 cm
223	avslag/bit	flint	2	st.mål 0,9-0,9 cm		gravrøys	581	50	99	10-20 cm

Funn- nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x- koor	y- koor	nivå
224	br leire		1	2,23 g		fotgrøft	580			
225	avslag/bit	flint	5	st.mål 0,8-1,8 cm	4 vanlig + 1 bit	fotgrøft	580			
226	jernfrgm		1	st.mål 1,3 cm	mulig et naglehode	fotgrøft	580			
227	keramikkskår		3	st.mål 1,3-1,8 cm, t. 0,4 cm	klebermagra, svart/grå	gravrøys	581	48	99	10-20 cm
228	slagg		1	1,57 g		gravrøys	581			
229	keramikkskår		2	st.mål 1,5-2,2 cm, t. 0,3-0,5 cm	klebermagra, svart/grå. Det største muleg randskår, men avskalling gjer dette usikkert	gravrøys	581	48	98	10-20 cm
230	bit	bergkrystall	1	st.mål 0,4 cm	mulig knusespor (usikker)	fotgrøft	580			
231	avslag/bit	bergkrystall	5	st.mål 0,6-1,3 cm	f. i kammer	gravrøys	581	49	99	
232	keramikkskår		3	st.mål 0,9-2,5 cm, t. 0,3-0,8 cm	klebermagra. Grå/svart. F. i kammer	gravrøys	581	49	99	
234	keramikkskår		2	st.mål 0,9-1,3 cm	svart, klebermagra	gravrøys	581	49	100	20-30 cm
235	avslag	flint	4	st.mål 0,9-2,1 cm	1 mikro, 3 vanlig	gravrøys	581	49	100	20-30 cm
236	slagg/ovnsforing		3	2,63 g		gravrøys	581	49	100	20-30 cm
237	br leire		1	1,29 g		fotgrøft	580			
238	keramikkskår		2	st.mål 1,4-2,5 cm, t. 0,3-0,5 cm	klebermagra	gravrøys	581	48	99	20-30 cm
239	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 2,2 cm		gravrøys	581	48	100	10-20 cm
240	keramikkskår		4	st.mål 1,7-2,1 cm, t. 0,3-0,6 cm	klebermagra, grå/svart. 3 skår gulaktig i fargen	gravrøys	581	48	100	10-20 cm
241	br leire		2	3,25 g		gravrøys	581	48	101	20-30 cm
242	perle	glass	1	y.diam 0,7cm, i.diam 0,2 cm, h. 0,3 cm	rund perle av mørk grønt glass	gravrøys	581	50	100	20-30 cm
243	ovnsforing		1	6,53 g		gravrøys	581	50	100	20-30 cm
244	jernfrgm		1	st.mål 1,2 cm	tynt flak	gravrøys	581	50	100	20-30 cm
245	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 1,2 cm		gravrøys	581	48	98	20-30 cm
246	keramikkskår		3	st.mål 0,9-2,3 cm, t. 0,3 cm	klebermagra, svart/grå	gravrøys	581	48	98	20-30 cm
247	br leire/ovnsforing		4	2,51 g		gravrøys	581	48	98	20-30 cm

Funnr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x-koor	y-koor	nivå
248	br bein		1	0,08 g		gravrøys	581	50	101	20-30 cm
249	slag/ovnsforing		1	1,14 g		gravrøys	581	50	101	20-30 cm
250	keramikkskår		2	st.mål 1,9-2,9 cm, t. 0,4-0,6 cm	klebermagra, grå/svart, forskjellige kar. 1 skår frå overgang botn/vegg (0,9 cm)	gravrøys	581	49	98	20-30 cm
251	br leire		2	0,88 g		gravrøys	581	49	98	20-30 cm
275	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,0 cm		gravrøys	581	49	101	10-20 cm
276	keramikkskår		2	st.mål 0,9-1,3 cm	1 raudleg, kvartsmagra, den andre grå (tynn avskalling)	gravrøys	581	49	101	10-20 cm
277	slag		6	14,23 g		gravrøys	581	49	101	10-20 cm
278	avslag/bit	bergkrystall	2	st.mål 0,8-1,0 cm	1 mikroavsl	gravrøys	581	49	101	10-20 cm
279	slag		2	9,0 g		gravrøys	581	50	97	10-20 cm
280	br bein		1	0,06 g		gravrøys	581	50	99	20-30 cm
281	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,3 cm	del av eit prisme m/minst 2 slätte felt	gravrøys	581	50	99	20-30 cm
282	br leire		6	3,27 g		gravrøys	581	50	98	20-30 cm
283	br leire		2	1,17 g		gravrøys	581	50	98	20-30 cm
284	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,6 cm		gravrøys	581	57	98	20-30 cm
285	slag		2	3,49 g		gravrøys	581	52	99	20-30 cm
286	nagle	jern	1	l.1,7cm, diam hode 1,1cm	rundt hode (kan være en pyntenagle)	gravrøys	581	49	101	0-10 cm
287	glasskår		1	st.mål 0,7 cm	grønnlig glass	gravrøys	581	49	101	0-10 cm
288	slag		2	0,94 g		gravrøys	581	49	101	0-10 cm
289	avslag	flint	3	st.mål 0,8-1,7 cm	2 vanlig + 1 mikro, den største har mulig bruksslitasje	gravrøys	581	49	101	0-10 cm
290	bit	kvarts/kvartsitt	1	st.mål 2,0 cm	mørk grå. Bit m/minst 1 slätt flate	gravrøys	581	49	101	0-10 cm
292	hasselnøttskall		1	0,01 g		gravrøys	581	51	98	20-30 cm
293	br bein		1	0,06 g		gravrøys	581	51	98	20-30 cm
294	glasskår		2	st.mål 1,6-2,0 cm	grønnlig glass, matt. Ubrent. Funne i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm

Funnr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x-koor	y-koor	nivå
295	avslag, mikro	flint	2	st.mål 0,6-0,9 cm	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
296	slagg			51,31 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
297	br leire		5	5,87 g		gravrøys	581	50	99	0-10 cm
298	avslag, vanlig	flint	3	st.mål 1,0-2,2 cm	2 mulig kvartsitt	gravrøys	581	52	99	0-10 cm
299	br leire/ovnsforing			8,07 g		gravrøys	581	52	99	0-10 cm
300	slagg		4	11,50 g		gravrøys	581	52	99	0-10 cm
301	bit	kvartsitt	1	st.mål 0,7 cm		gravrøys	581	50	101	10-20 cm
302	hasselnøttskall		1	0,12 g		gravrøys	581	50	101	10-20 cm
303	slagg/ovnsforing		5	4,57 g		gravrøys	581	50	101	10-20 cm
304	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,6 cm		gravrøys	581	48	101	10-20 cm
305	br bein		1	0,40 g		gravrøys	581	48	101	10-20 cm
306	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,9 cm	cortexrest	gravrøys	581	49	99	20-30 cm
307	jernfrgm		1	st.mål 1,4 cm	krokklignende gjenstand, evt. Stilk til liten nagle	gravrøys	581	49	99	20-30 cm
308	jernfrgm		2	st.mål 0,8-1,2 cm		gravrøys	581	51	99	0-10 cm
309	kleberfrgm		2	st.mål 4,2-5,0 cm		gravrøys	581	51	99	0-10 cm
310	avslag, mikro	flint	2	st.mål 0,6-0,6 cm		gravrøys	581	51	99	0-10 cm
311	avslag, mikro	bergkrystall	1	st.mål 0,6 cm		gravrøys	581	51	99	0-10 cm
312	slagg		1	385,78 g		gravrøys	581	51	98	0-10 cm
313	slagg		1	21,37 g	sintra	gravrøys	581	48	99	20-30 cm
314	br bein		1	0,05 g		gravrøys	581	48	99	20-30 cm
315	avslag	kvarts	3	st.mål 1,0-1,8 cm		gravrøys	581	48	99	20-30 cm
316	kjernefrgm	bergkrystall	1	st.mål 1,1 cm		gravrøys	581	48	99	20-30 cm
317	avslag, vanlig	flint	2	st.mål 1,0-1,6 cm	det minste er brent, det største har cortexrest	gravrøys	581	48	99	20-30 cm
318	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.mål 1,7 cm	blågrå i fargen, evt. Mylonitt?	gravrøys	581	48	100	10-20 cm
319	br bein		1	0,16 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-20 cm
320	slagg		1	3,20 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-

Funn- nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x- koor	y- koor	nivå
										20 cm
321	keramikkskår		2	st.mål 1,3-1,7 cm, t. 0,2-0,4 cm	1 klebermagra, svart/grå. Det minste skåret liknar den øvrige kvarts/sandmagra ker	gravrøys	581	48	98	0-10 cm
323	keramikkskår		1	st.mål 1,7 cm, t. 0,2 cm	1 skår er asbestmagra, grå	gravrøys	581	48	100	10-20 cm
324	br leire/ovnsforing		2	1,84 g		gravrøys	581	48	100	10-20 cm
325	bit	bergkrystall/kvarts	2	st.mål 0,7-1,4 cm	kan være natur	gravrøys	581	48	99	0-10 cm
326	slagg		3	23,47 g		gravrøys	581	48	99	0-10 cm
327	avslag/bit	bergkrystall	1	st.mål 0,7 cm	f. i kammer	gravrøys	581	49	99	0-10 cm
328	br leire		1	0,42 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	99	0-10 cm
329	br bein		1	0,13 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	99	0-10 cm
330	jernfrgm		11	st.mål 0,4-1,4 cm	ubestemte jernfrgm. F. i kammer	gravrøys	581	49	99	0-10 cm
331	metallfrgm		1	st.mål 4,6 cm	korrodert metallbelegning, truleg til pyntenagler (avtrykk av 2 naglehoder i belegningen). Kammer	gravrøys	581	49	99	0-10 cm
332	slagg/ovnsforing		7	17,67 g	noen av bitene er delvis sintret	gravrøys	581	48	100	10-20 cm
333	keramikkskår		1	st.mål 2,5 cm, t.0,6 cm	klebermagra	gravrøys	581	48	100	10-20 cm
334	br leire/ovnsforing		3	1,79 g		gravrøys	581	50	101	0-10 cm
335	kleberfrgm		2	st.mål 2,1-3,0 cm		gravrøys	581	50	100	0-10 cm
336	slagg		1	3,16 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-20 cm
337	brynefrgm	kvartsittlign	1	l.5,0 cm, b. 2,9 cm	synest slipt på 3 sider. Del av knokkelbryne? F. i kammer	gravrøys	581	49	100	10-20 cm
338	keramikkskår		1	st.mål 0,9 cm, t. 0,1 cm	asbestmagra, raudleg	gravrøys	581	50	99	10-20 cm
340	kleberfrgm		1	st.mål 2,2 cm		gravrøys	581	50	99	10-20 cm
341	br leire					gravrøys	581	53	98	10-20 cm
342	nagle	jern	2	l. 1,6 cm, hode st.mål 1,9 cm	nagle m/rundt hode + 1 stilk	gravrøys	581	51	99	10-20 cm
343	slagg		1	1,18 g		gravrøys	581	51	99	10-20 cm
344	br leire		13	18,09 g		gravrøys	581	51	99	10-20 cm
345	avslag/bit	flint	2	st.mål 0,7-2,4 cm	biten er patinert, den minste er et mikroavsl	gravrøys	581	51	99	10-20 cm

Funn- nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	x- koor	y- koor	nivå
										cm
346	avslag, mikro	kvarts/kvartsitt	1	st.mål 0,7 cm	grå	gravrøys	581	51	99	10- 20 cm
347	jernfrgm		2	st.mål 1,0- 3,2 cm	mulig naglehode/nitteplate. F. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
348	avslag/bit	bergkrystall	1	st.mål 1,3 cm	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
349	slagg		4	1,55 g	f. i kammer	gravrøys	581	49	100	0-10 cm
350	slagg		2	15,09 g		gravrøys	581	48	101	0-10 cm
351	avslag	bergkrystall	1	st.mål 0,5 cm		gravrøys	581	48	101	0-10 cm
352	bit	bergkrystall	2	st.mål 0,6- 0,8 cm		fotgrøft	580			
353	slagg		1	10,17 g	sintra	fotgrøft	580			
373	jernfrgm		1	1,2 cm	ovalt frgm, ubestemt	gravrøys	581	51	98	0-10 cm

Fig. 118 B16512, funn frå gravrøys og fotgrøft, tabell.

Funnmateriale frå seinmesolittikum og tidlegneolittikum

Ved undersøking av gravrøysa og fotgrøfta er det funne totalt 119 steinartefaktar av flint, bergkrystall, kvarts, rhyolitt og bergart. Det er vidare funne spreidde steinartefaktar i form av avslag og reiskapar av ulike råstoff i heile undersøkingssområdet på Jensajordet, ved avdekking og snitting av strukturar. Funn av steinartefaktar blir handsama under eitt her, ettersom materiale funne utanfor gravrøysa er kvantitativt lite (85 funn).

Diagnostiske funn med typologisk datering til seinmesolittikum/tidlegneolittikum kjem frå gravrøysa. Avslag og anna materiale utan nærare datering enn til steinbrukande tid (eldre steinalder-eldre jernalder) er funne i alle felta. Totalt frå alle felta er det samla inn 204 artefaktar (avslag, bitar og reiskapar) av flint, bergkrystall, kvarts/kvartsitt, rhyolitt og bergart. Dette talet inkluderer ikkje flateretusjerte pilespissar med typologisk datering til seinneolittikum/eldre bronsealder, og slipeplater med uviss datering.

23 steinartefaktar er funne i felt 1. Dette består av 22 avslag/bitar av flint, bergkrystall, kvartsitt og rhyolitt, og 1 kjernefragment av flint, funne i strukturar og som lausfunn. 14 steinartefaktar er funne i felt 2. Dette består av 14 funn av flint, kvartsitt og rhyolitt, herav 13 avslag/bitar og 1 atypisk kjerne med 1 plattform, av rhyolitt, funne i strukturar og som lausfunn.

167 steinartefaktar er samla inn frå felt 3, av dette er 119 frå gravrøys A581 og fotgrøft A580. Dette består av 167 funn av flint, bergkrystall, kvarts/kvartsitt, rhyolitt og bergart, herav 160 avslag og 7 reiskapar (1 meisel, 3 kjerne og kjernefragment, 3 mikroflekke).

9 funn totalt frå alle felt kan daterast på grunnlag av typologi eller råstoff. Det øvrige funnmaterialet av flint, kvarts, kvartsitt og bergkrystall kan ikkje gjevast nærare datering enn til steinbrukande tid. Ettersom busetnad- og dyrkingsaktiviteten i området femner ein stor del av dette tidsspennet, kan materiale funne i strukturar vere relatert til strukturen sin bruksfase, eller vere redeponert frå ein tidlegare fase.

Typologi

Det er totalt funne 3 mikroflekker, 2 av kvartsitt og 1 fragmentert mikroflekke av flint, alle frå felt 3. Flekkematerialet er kvantitativt lite og har dermed begrensa kronologisk signifikans.

Frå gravrøysa i felt 3 er det funne 2 artefaktar som kan daterast typologisk:

1 bergartsmeisel med ovalt tverrsnitt og avrunda nakkeparti kan daterast typologisk til seinmesolittikum. 1 atypisk kjerne med 1 plattform og avspaltningar etter mikroflekker, tildanna frå eit prisme av bergkrystall. Tildanninga indikerer ei typologisk datering til seinmesolittikum eller tidlegneolittikum.

Råstoff

7 av 204 funn totalt består av rhyolitt (6 avslag og 1 atypisk kjerne med 2 plattformar). Rhyolittartefaktane er funne spreidd i felt 1, felt 2 og felt 3. Bruk av rhyolitt som råstoff daterast vanlegvis til tidlegneolittikum og første del av mellomneolittikum (Olsen 1992:125-126; Bergsvik 2002:284).

Strandforskyvingskurve

Strandforskyvingskurven indikerer at det kan ha lege lokaliteter innanfor og nær det undersøkte området på Jensajordet. Den store terrasseflaten i det undersøkte arealet ligg 20-25 m o.h. Strandforskyvingskurven for Jensajordet oppgir middels høg vannstand ved 20 m i perioden BP 8050-7710, i løpet av mellommesolittikum/seinmesolittikum. Ettersom fleirtalet av steinalderlokalitetar er strandbundne vil ein vente funn av lokalitetar nær samtidig strandlinje, og særleg innanfor høgde der havnivået har vore stabilt over lengre tid, ved omlag 20 m og litt over i dette tilfellet. Det kan dermed ha lege lokalitetar både ved terrassekanten 20 m o.h., og lengre inne på flata opptil 25 m o.h. i løpet av mesolittikum. Ved lågare havnivå kan det ha lege yngre lokalitetar i skråninga i vestre del av undersøkingsområdet.




Fig. 119 Strandforskyvingskurve, vist med ukalibrert datering (Romundset 2005, Lohne 2006, Vasskog 2006).




Fig. 120 Strandforskyvningskurve, vist med kalibrert datering (Romundset 2005, Lohne 2006, Vasskog 2006).

Råstoff, typologi og strandforskyvningskurve indikerer at det kan ha lege ein eller muligens fleire seinmesolittiske/tidlegneolittiske lokaliteter innanfor eller nær undersøkingsområdet. Etersom ingen av funna frå seinmesolittikum/tidlegneolittikum er in situ, er det vanskeleg å angi nærmare kor lokaliteten/lokalitetane kan ha lege. Funnmengda i gravrøys A581 er ikkje kvantitativt samanliknbart med det øvrige funnmaterialet i undersøkingsområdet, då overdekkande masse i undersøkingsområdet utanfor gravrøysa ikkje er gravd i kvadratmeterruter og sålda. Ein samanliknbar situasjon er gravhaugen like utanfor planområdet, undersøkt i august 2008. Denne ligg om lag 25 m o.h., lenger aust og innover på terrasseflaten. Fordelt på 9 kvm-ruter vart det funne 42 artefaktar av flint, mylonitt, kvartsitt, bergkrystall og anna bergart, med eit gjennomsnitt på 4,67 funn per kvm (sjå Handeland 2009). Til samanlikning er det i A581 (inkludert fotgrøft A580) funne 119 artefaktar fordelt på 31 kvm, eit gjennomsnitt på 3,84 funn per kvm. Gjennomsnittet i begge røysene synest dermed lågt i høve til å indikere at det har lege steinalderlokalitetar på same stad som røysene vart anlagt. Det let seg dermed ikkje sannsynleggjere nærmare kor i området det har lege steinalderlokalitetar.



Fig. 121 Oversikt over undersøkte gravhaugar med steinartefaktar på Jensajordet. Stavahaugen er vist med rekonstruert størrelse.

Intensjonell deponering?

Ingen av steinreiskapane funne i gravrøysa A581 er frå kammeret. Fordelinga mellom reiskapar og avslag er 4,20%. Forholdstalet synest konsistent med fordeling av reiskapar og avslag på ein steinalderbuplass. Den mest plausible forklaringa på steinartefaktane i gravrøysa er dermed redeponering av masse frå ein eller fleire seinmesolittiske/tidlegneolittiske lokalitetar. Til samanlikning er det undersøkt ein gravhaug som inneheldt littisk materiale i Vestfold, totalt 24 funn. Trass kvantitativt lite materiale var reiskapsprosenten på 83,3%, og utgravar tolka dette som intensjonell deponering (Gansum 2002:105).

Det er kjent fleire tilfelle av intensjonell deponering av steinalderartefaktar i jernaldergraver, gjerne tolka som gjenstandar med magiske eller vernande eigenskapar (sjå Samdal 2000 m/ref. til Hagen 1953, Myhre 1988, Ringstad 1988). Samdal har i si hovudfagsoppgåve frå 2000 analysert funnmateriale frå 150 jernaldergraver frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, for å belyse gjenstandar med muleg amulettkarakter. I Samdal sitt analyseområde hadde 13 av totalt 150 graver funn av bergkrystall. I 12 av gravene var bergkrystallen uttilvirka. Den siste, B6993 frå Skåla, hadde i tillegg til anna gravgods to slipte kuler av bergkrystall, ein tilvirka rullestein av kvarts, og eit forsteina sjøpinnsvin. B6993 er ei kvinnegrav frå 600/700-talet, og bergkrystall i tilvirka eller utilvirka form synest å vere særleg

assosiert med kvinnegraver. Vidare fann Samdal 9 av 150 graver med funn av steinalderøkser i grav eller fyllmasse (Samdal 2000:54-57, 80-83).

Frå gravrøysa undersøkt på Jensajordet vart det samla inn totalt 38 artefaktar av bergkrystall, 34 frå røysa og 4 frå fotgrøfta. Dette inkluderer kjerner, kjernefragment, avslag og bitar. Det skal vidare understrekast at distribusjonen av avslag og reiskapar i røysa A581 og fotgrøfta A580 ikkje tilseier intensjonell deponering i dette tilfellet. Røysa sin bevaringstilstand tillet imidlertid ikkje avkrefting eller sannsynleggjering av dette. Det skal dermed peikast på muligheten av at delar av det littiske materialet funne i gravrøysa kan vere intensjonelt deponert. I lys av Samdal sine observasjonar peiker 3 gjenstandar funne i A581 og A580 seg ut som interessante i den samanhengen; ein bergartsmeisel, ei atypisk mikroflekkekjerne av bergkrystall tildanna av eit prisme, og eit prisme av bergkrystall med knusespor.



Fig. 122 Bergartsmeisel og prismet av bergkrystall (det eine ein atypisk mikroflekkekjerne) frå A581 og A580. Foto HH.

B-nr	Funn-nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	Felt
B16510	21	pilspiss	flint	1	l.2,5 cm, base 1,1 cm	flateretusjert, konkav basis. Spissen manglar, truleg skuddskade		0	2
B16510	78	avslag, vanlig, retusjert	flint	1	st.mål 2,7 cm			475	2
B16510	82	avslag, vanlig, retusjert	bergkrystall	1	st.mål 1,8 cm			445	2
B16510	35	kjerne m/2 plattform	rhyolitt	1	st.l. 6,8 cm	Siggjorhyolitt. Atypisk kj m/1 plf som syl flekkeblokk, 2.plf som TM type m/skarp kantvinkel		0	2
B16510	83	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 3,1 cm	muleg retusjert	produksjonsanlegg	451	2
B16510	79	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 3,2 cm	patinert, muleg bruksspor	hus Q	473	2
B16510	266	avslag, flekkelign	flint	1	st.l. 3,0 cm	retusj/bruksslitasje langs begge langsiden. Også skader på distalenden	dyrkningsrest	455	2
B16510	70	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,6 cm	skrapar?	hus P	467	2
B16510	27	avslag/bit	flint	1	st.mål 2,1 cm	m/cortexrest		0	2
B16510	34	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 3,2 cm			0	2
B16510	17	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.l. 1,1 cm	Siggjorhyolitt		0	2
B16510	85	avslag, makro	rhyolitt	1	st.mål 7,2 cm	Siggjorhyolitt		0	2
B16510	26	avslag, makro	kvartsitt	1	st.l. 5,3 cm	hvit. Kjernefragment?		0	2
B16510	366	avslag	kvartsitt	1	st.mål 3,2 cm	vannrulla el. anna slitasje		485	2
B16510	81	avslag	kvartsitt	1	st.mål 2,0 cm	vannrulla		445	2
B16510	42	avslag/bit	flint	1	st.mål 1,5 cm	brent		0	2
B16511	103	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 1,7 cm			523	3
B16511	55	avslag, flekkelign	flint	1	st.mål 3,6 cm	proximalende		0	3
B16511	137	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,8 cm	cortexrest		0	3
B16511	181	avslag, vanlig	flint	2	st.mål 3,2-3,9 cm			0	3
B16511	86	avslag, makro	flint	1	st.mål 5,0 cm	vannrulla?		0	3
B16511	56	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,9 cm			0	3
B16511	49	avslag/bit	flint	1	st.l 3,0 cm			0	3
B16511	59	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,2 cm			0	3
B16511	104	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 2,0 cm			504	3
B16511	80	avslag/bit	flint	2	st.mål 1,7-2,5 cm	1 vanlig avslag (mulig retusj/brukssl) + 1 bit		0	3
B16511	58	avslag/bit	flint	1	st.mål 1,6 cm			0	3
B16512	231	avslag/bit	bergkrystall	5	st.mål 0,6-1,3 cm	f. i kammer	gravrøys	581	3

B-nr	Funn-nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	Felt
B16512	348	avslag/bit	bergkrystall	1	st.mål 1,3 cm	f. i kammer	gravrøys	581	3
B16512	327	avslag/bit	bergkrystall	1	st.mål 0,7 cm	f. i kammer	gravrøys	581	3
B16512	212	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,3 cm	bit m/knusespor/avspaltninge r. F. i kammer	gravrøys	581	3
B16512	295	avslag, mikro	flint	2	st.mål 0,6-0,9 cm	f. i kammer	gravrøys	581	3
B16512	190	avslag/bit	flint	4	st.mål 0,6-1,7 cm	1 m/cortexrest. F. i kammer	gravrøys	581	3
B16512	180	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 1,2 cm	hvit. F. i kammer	gravrøys	581	3
B16512	203	meisel	bergart	1	l. 7,9 cm, st.b. 2,6cm	SM type; ovalt tvsn. Slipt over hele overflaten, noe forv. Avrundet nakkeparti Eggen har noen hakk.	gravrøys	581	3
B16512	185	mikroflekkefrgm	flint	1	l.0,6 cm, b. 0,3 cm	distalfrgm	gravrøys	581	3
B16512	74	kjerne m/1 plattform	bergkrystall	1	st.l. 3,0 cm	atypisk kjerne m/1 plattform og avspaltningar frå mikroflekker, tildanna av eit prisme	gravrøys	581	3
B16512	64	kjerne, bipolar	kvarts	1	st.l. 2,1 cm	hvit	gravrøys	581	3
B16512	316	kjernefrgm	bergkrystall	1	st.mål 1,1 cm		gravrøys	581	3
B16512	66	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,0 cm	hvit, båndet	gravrøys	581	3
B16512	128	avslag, mikro	kvartsitt	1	st.mål 0,8 cm	hvit	gravrøys	581	3
B16512	129	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 1,1 cm	hvit	gravrøys	581	3
B16512	140	avslag					gravrøys	581	3
B16512	145	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.mål 1,2 cm	kan være mylonitt	gravrøys	581	3
B16512	152	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 1,4 cm		gravrøys	581	3
B16512	155	avslag, mikro	bergkrystall	2	st.mål 0,6-0,8 cm		gravrøys	581	3
B16512	173	avslag		1	st.mål 1,9 cm		gravrøys	581	3
B16512	202	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,2 cm		gravrøys	581	3
B16512	216	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.mål 2,0 cm		gravrøys	581	3
B16512	275	avslag, vanlig	kvartsitt	1	st.mål 3,0 cm		gravrøys	581	3
B16512	290	bit	kvarts/kvartsitt	1	st.mål 2,0 cm	mørk grå. Bit m/minst 1 slått flate	gravrøys	581	3
B16512	301	bit	kvartsitt	1	st.mål 0,7 cm		gravrøys	581	3
B16512	315	avslag	kvarts	3	st.mål 1,0-1,8 cm		gravrøys	581	3
B16512	318	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.mål 1,7 cm	blågrå i fargen, evt. Mylonitt?	gravrøys	581	3
B16512	346	avslag, mikro	kvarts/kvartsitt	1	st.mål 0,7 cm	grå	gravrøys	581	3
B16512	131	avslag	flint	2	st.mål	1 vanlig + 1 mikro (brent)	gravrøys	581	3

B-nr	Funn-nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	Felt
					0,4-1,1 cm				
B16512	144	avslag, vanlig/bit	bergkrystall	2	st.mål 1,1-1,2 cm		gravrøys	581	3
B16512	220	avslag/bit	bergkrystall	4	st.mål 0,4-1,3 cm	1 er mikrofl lign	gravrøys	581	3
B16512	199	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 1,1 cm		gravrøys	581	3
B16512	311	avslag, mikro	bergkrystall	1	st.mål 0,6 cm		gravrøys	581	3
B16512	179	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,5 cm		gravrøys	581	3
B16512	141	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,2 cm	mulige knusespor	gravrøys	581	3
B16512	325	bit	bergkrystall/kvarts	2	st.mål 0,7-1,4 cm	kan være natur	gravrøys	581	3
B16512	289	avslag	flint	3	st.mål 0,8-1,7 cm	2 vanlig + 1 mikro, den største har mulig bruksslitasje	gravrøys	581	3
B16512	123	avslag	flint	3	st.mål 0,8-1,0 cm	2 mikro, 1 vanlig	gravrøys	581	3
B16512	149	avslag, vanlig/bit	flint	2	st.mål 1,0-1,4 cm		gravrøys	581	3
B16512	96	avslag/bit	flint	1	st.mål 1,8 cm		gravrøys	581	3
B16512	111	avslag/bit	flint	3	st.mål 1,0 cm	1 mikrofl lign, 1 vanlig avsl, 1 bit	gravrøys	581	3
B16512	298	avslag, vanlig	flint	3	st.mål 1,0-2,2 cm	2 mulig kvartsitt	gravrøys	581	3
B16512	317	avslag, vanlig	flint	2	st.mål 1,0-1,6 cm	det minste er brent, det største har cortexrest	gravrøys	581	3
B16512	200	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,3 cm		gravrøys	581	3
B16512	178	avslag	flint	2	st.mål 0,7-1,4 cm	1 vanlig (frostsprenget) + 1 mikro	gravrøys	581	3
B16512	196	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,2 cm	brent	gravrøys	581	3
B16512	235	avslag	flint	4	st.mål 0,9-2,1 cm	1 mikro, 3 vanlig	gravrøys	581	3
B16512	204	avslag	flint	3	st.mål 0,9-2,1 cm	1 mikro, 2 vanlig	gravrøys	581	3
B16512	304	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,6 cm		gravrøys	581	3
B16512	157	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,8 cm		gravrøys	581	3
B16512	159	avslag, mikro	flint	2	st.mål 0,8-0,9 cm		gravrøys	581	3
B16512	223	avslag/bit	flint	2	st.mål 0,9-0,9 cm		gravrøys	581	3
B16512	194	avslag	flint	2	st.mål 0,5-1,0 cm	det største har mulig bruksslitasje	gravrøys	581	3
B16512	310	avslag, mikro	flint	2	st.mål		gravrøys	581	3

B-nr	Funn-nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	Felt
					0,6-0,6 cm				
B16512	306	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,9 cm	cortexrest	gravrøys	581	3
B16512	284	avslag, mikro	flint	1	st.mål 0,6 cm		gravrøys	581	3
B16512	187	bit	flint	1	st.mål 1,1 cm		gravrøys	581	3
B16512	345	avslag/bit	flint	2	st.mål 0,7-2,4 cm	biten er patinert, den minste er et mikroavsl	gravrøys	581	3
B16512	245	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 1,2 cm		gravrøys	581	3
B16512	239	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 2,2 cm		gravrøys	581	3
B16512	351	avslag	bergkrystall	1	st.mål 0,5 cm		gravrøys	581	3
B16512	127	avslag	bergkrystall	2	st.mål 0,8-0,9 cm	det ene bit fra et prisme	gravrøys	581	3
B16512	126	avslag	bergkrystall	1	st.mål 1,1 cm	flekkelign	gravrøys	581	3
B16512	281	bit	bergkrystall	1	st.mål 1,3 cm	del av eit prisme m/minst 2 slåtte felt	gravrøys	581	3
B16512	278	avslag/bit	bergkrystall	2	st.mål 0,8-1,0 cm	1 mikroavsl	gravrøys	581	3
B16512	225	avslag/bit	flint	5	st.mål 0,8-1,8 cm	4 vanlig + 1 bit	fotgrøft	580	3
B16512	209	avslag	flint	4	st.mål 0,6-2,2 cm	2 mikro + 2 vanlig	fotgrøft	580	3
B16512	98	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,9 cm		fotgrøft	580	3
B16512	210	avslag	bergkrystall	1	st.mål 1,2 cm	avslått bit av prisme	fotgrøft	580	3
B16512	67	bergkrystall	bergkrystall	1	st.l. 3,0 cm	prisme med knusespor	fotgrøft	580	3
B16512	230	bit	bergkrystall	1	st.mål 0,4 cm	mulig knusespor (usikker)	fotgrøft	580	3
B16512	352	bit	bergkrystall	2	st.mål 0,6-0,8 cm		fotgrøft	580	3
B16513	37	avslag, makro, retusjert	flint	1	st.mål 5,7 cm		hus A	121	1
B16513	31	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,4 cm		hus Z	289	1
B16513	8	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 1,3 cm		kokegrop	72	1
B16513	50	avslag, vanlig	rhyolitt	1	st.l. 2,5 cm	Siggjorhyolitt	hus E fase 2	170	1
B16513	370	avslag, mikro	kvartsitt	1	st.mål 0,5 cm	grå	grop	69	1
B16513	15	avslag, vanlig, retusjert	flint	1	st.mål 1,6 cm		røysrest	385	1
B16513	2	kjernefrgm	flint	1	st.l. 3,2 cm			0	1
B16513	48	avslag/bit	flint	1	st.l. 1,9 cm		kokegrop	242	1
B16513	51	bit	bergkrystall	1	st.mål 2,5 cm	knusespor?	kokegrop	41	1
B16513	11	avslag	bergkrystall	1			grøft	109	1

B-nr	Funn-nr	Funntype	Materiale	Antal	Mål	Beskrivelse	Anlegg	Struktur	Felt
B16513	101	avslag	flint	1	st.mål 0,5 cm	distalende	stolpe	135	1
B16513	102	avslag, vanlig	flint	1	st. mål 3,3 cm	bruksslitasje	stolpe	135	1
B16513	3	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 2,3 cm	mulig bruksslitasje på en side		0	1
B16513	7	avslag, vanlig	flint	1	st.l. 2,5 cm	mulig bruksslitasje på en side		0	1
B16513	12	avslag, makro	flint	1	st.l. 4,6 cm			0	1
B16513	16	avslag, makro	kvartsitt	1	st.l. 4,7 cm	grå, båndet		0	1
B16513	53	avslag, flekkelign	bergkrystall	1	st.mål 1,0 cm			0	1
B16513	84	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 1,3 cm			0	1
B16513	105	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 2,5 cm	brent. Mulig bruksslitasje		0	1
B16513	206	avslag	flint	1	st.mål 2,2 cm			0	1
B16513	233	avslag	flint	1	st.mål 2,3 cm	mulig kjernefrgm		0	1
B16513	361	avslag	flint	1	st.mål 3,8 cm	knusespor		0	1
B16513	360	avslag, vanlig	flint	1	st.mål 2,5 cm			0	1
B16556	272	mikroflekker	kvartsitt	2	st.l. 1,7-2,1 cm	den ene er knekt i to, total lengde er 2,1 cm		501	3
B16556	274	avslag	flint	18	st.mål 0,4-4,9 cm	6 mikro, 11 vanlig (1 brent), 1 makro		501	3
B16556	354	avslag/bit	flint	3	st.mål 0,9-1,8 cm	1 flekkelign + 1 brent (mikro)		501	3
B16556	263	avslag, vanlig	kvartsitt	7	st.mål 1,0-2,9 cm	det ene er en bit		501	3
B16556	355	avslag	kvartsitt	1	st.mål 2,0 cm	flekkelignende, hvit kvartsitt		501	3
B16556	261	avslag, vanlig	bergkrystall	1	st.mål 1,3 cm			501	3
B16556	273	bit	bergkrystall	2	st.mål 0,7-1,0 cm			501	3
B16556	253	pilspiss	flint	1	l. 2,6 cm, basis 1,1 cm	flateretusjert, kraftig innbuet basis. Ytterste spissen mangler, trolig skuddskade		501	3
B16556	259	avslag	bergkrystall	1	st.mål 1,1 cm			501	3

Fig. 123 Funn av steinartefaktar i felt 1-3, tabell.

Stolpehol, groper og fyllskifte med ukjent funksjon

I felt 3 vart det påvist 7 stolpehol/stolpeliknande strukturar, 8 groper/gropliknande strukturar og 4 fyllskifte som ikkje kunne relaterast til erkjennbare samanhengar. Desse strukturane kan vere spor etter dårleg bevarte bygningar, innhegningar, eller anna.

Profilar

Profil A501 Dyrkingslag/muleg struktur

Profil A501 ligg heilt nord i felt 3. Nordaust for profilen var ei omfattande moderne forstyrring i form av ein nedgravd kum med ei tilførselsgrøft frå sør, på nordsida skrånar terrenget oppover mot moderne busetnad. I høve til omliggande areal i nord og utgravd areal i sør framstår profilen som ei naturleg forsenkning i terrenget. Forsenkninga skrår bratt nedover frå flata i sør og aust der felt 1 og felt 3 er lokalisert.



Fig. 124 Felt 3 med sjakt som viser tidlegare forsenkning i nordlege del, sett mot V. Profil A501 er på baksida av synleg profilvegg inni grå firkant. A714 er profilvegg til venstre for A501. Foto 61-09, HH.

Den stratifiserte profilen i A501 er tolka som dyrkingslag, med ein muleg steinpakka struktur i botnen. Struktura kunne ikkje avgrensast i flate på grunn av forstyrringar rundt og er vanskeleg tolkbar.

Profilen vart dokumentert og det vart tatt ut 4 dateringsprøvar. Ved opprens av profilen vart det funne mykje keramikk. Det vart ved vidare avdekking gravd ned til lag k/j, ca 2 meter inn i profilbalken (østover) vist på fig. 128. Massen frå desse laga vart gravd manuelt og sålda, og tilsaman vart det funne over 240 keramikkskår, 1 flateretusjert pilspiss av flint, avslagsmateriale, mikroflekke, brent bein, nøtteskal og slagge. Profilen lenger aust (A501b)

hadde store likhetstrekk med A501, og dei funnførande laga kunne òg identifiserast der. Botaniske prøvar er teke frå A501b.

Størstedelen av keramikken kjem frå botnlaga og høyrer til same karet. Botnlaga inneheldt òg makrofossiler i form av byggkorn, åkerugras og bringebærfrø (sjå vedlagt paleobotanisk rapport). Dette indikerer at botnlaga kan vere avsett i samband med dyrkingsaktivitet. Funnmaterialet, muleg steinpakning og 3 tette C14-dateringar indikerer imidlertid at botnlaga bør oppfattast som ein struktur, muligens ei grav eller eit offer. Det kan ikkje fullstendig utelukkast at karet og steinane er tilfeldig oppsamla i botnen av skråninga nedanfor busetnadsområdet, men dette framstår ikkje som ei særskilt sannsynleg forklaring.



Fig. 125 Botnlag i A501. Foto 12-01, MKØ.

Datering

To lag frå A501 er c14-datert:

Lag l er datert til 3600 +/- 60 BP, BC 2130-1860/1850-1770, seinneolittikum/eldre bronsealder (Beta-249036). Tilsvarar lag 12 i paleobotanisk rapport.

Lag j er datert til 3580 +/- 50 BP, BC 2110-2100/2040-1860/1850-1770, seinneolittikum/eldre (Beta-249035). Tilsvarar lag 10 i paleobotanisk rapport.

Eitt lag i A501b, botanikkprofil, er c14-datert:

Lag 8 er datert til 3690 +/- 40, BC 2200-1960, seinneolittikum (Beta-259329). Tilsvarar lag h/j her.



Fig. 126 A501b, botanikkprofil, 2 m Ø for A501. Lag o og p er gravd bort på biletet. Tommestokk 1 meter. Foto 64-28, MKØ.

Lagskildring frå botn til topp (topplaga o og p er gravd bort på biletet):

Lag a: Lys, nesten kvit, sand med grus/småstein.

Lag b: Gulbrun sand med grus/småstein, trekol i NV del.

Lag c: Mellombrun sand med spreidde trekolfragment. Mindre grus enn lag a-b.

Lag d: Som c men litt lysare i fargen. Mørkare mot botnen av laget.

Lag d1: Mellombrun sand, mindre grus/småstein enn d. Ikkje trekol.

Lag d2: Mellombrun sand med spreidde trekolfragment.

Lag e: Mellombrun sand med grus og småstein. Ein del trekolfragment.

Lag f: Liknar lag d og e. Få spreidde trekolfragment. SØ del lysare sand og litt meir grus.

Lag g: Lys gråkvit sand.

Lag h: Mellombrun sand med spreidde trekolfragment, særleg under stein. Tilsvarar lag 8 i paleobotanisk rapport. Lag h er vanskeleg å skilje frå lag j under steinane i østre del av profil.

Lag i: Mellombrun/raudbrun sand med ein del grus og småstein. Trekol i NV del, særleg under stein.

Lag j: Mørk brun sand med konsentrasjonar av trekol. Lysare og mørkare flekker i laget. Ein del stein i laget, dei fleste mindre enn nevestor. Tilsvarar lag 10 i paleobotanisk rapport.

Lag k: Lysbrun til mellombrun sand med litt grus og småstein. Spreidde store trekolbitar.

Lag l: Mørk brun til svart sand, litt grus og småstein. Mykje trekol, særleg i NV del. Tilsvarar lag 12 i paleobotanisk rapport.

Lag m: Mellombrun til mørk brun sand med litt grus og småstein.

